



Universitetet
i Stavanger

UNIVERSITETET I STAVANGER

Årsrapport 2021

UTFORDRE DET VELKJENTE OG UTFORSKE DET UKJENTE



Innhold

I. Melding frå styret	3
II. Introduksjon til verksemd og hovudtal	7
Hovudtal for UiS	9
Overordna organisasjonskart	9
III. Aktivitetar og resultat i 2021	10
3.1. Resultatrapportering på Strategi 2030 og utviklingsavtalen med KD	11
3.1.1 Grøn omstilling	11
3.1.2 Energi	12
3.1.3 Helse og velferd	13
3.1.4 Læring for livet	14
3.1.5 Eit ope universitet	15
3.1.6 Eit godt lærings- og arbeidsmiljø	16
3.2 Resultatrapportering frå kjerneverksemda og nasjonale styringsparametrar i 2021	18
3.2.1 Utdanning	18
3.2.2 Forsking	22
3.2.3 Innovasjon og samfunn	24
Prisar til tilsette ved universitetet i stavanger	27
3.2.5 Organisasjon og infrastruktur	28
Nasjonale styringsparametrar organisasjon og infrastruktur	29
3.3 Samfunns- og effektmål for byggeprosjekt	31
3.4 Anna rapportering	31
Midlar til pandemiltak for studentar i 2021 (Kap. 260, post 50 og 70)	32
Midlar til Kunnskapscenter for utdanning (kap. 201, post 21)	33
IV. Styring og kontroll i verksemda	34
Rapportering om styring og kontroll	35
Samfunnssikkerheit og beredskap (SOB) og sikkerheit etter sikkerheitslova	36
Handtering av Covid-19-pandemien	37
Inkluderingsdugnaden	38
Likestilling, mangfald, diskriminering og tilgjengelegheit	39
Campusutviklingsplanar og større byggeprosjekt	39
V. Vurdering av framtidsutsikter	41
Budsjett 2022	43
Langtidsbudsjett 2022–2031	45
VI. Årsrekneskap	47
Leiingskommentarar Årsoppgjer 2021	48
Årsrekneskap per 31.12.2021 med notar	53

I. Melding frå styret



Foto: Marie von Krogh

STYRET SITT ARBEID

Gjennom 2021 gjennomførte styret fem ordinære møte og eit ekstraordinært møte, og handterte til saman 95 saker. Eitt av styremøta var utvida til styreseminar, med iverksetjing av strategi og strategisk kommunikasjon og samfunnskontakt som tema.

Viktige aktivitetar og resultat

Styret er godt nøgd med innsatsen som er lagt ned frå både studentar og tilsette gjennom nok eit krevjande år. Studentar og tilsette ved Universitetet i Stavanger (UiS) har handtert behov og krav til rask omstilling og digital undervisning og heimekontor på overtydande vis. Tiltak for styrkt oppfølging av studentar er godt vareteke gjennom tilpassa tenester som er etablerte ved UiS.

Planar og tiltak

Universitetet sin Strategi 2030 blei vedteken av styret i 2020. Strategien har som utgangspunkt at UiS skal bidra til grøn omstilling av samfunnet gjennom forskning og innovasjon, kunstnarisk utviklingsarbeid og utdanning, innovasjon og samfunnskontakt. Energi, helse og velferd og læring for livet er UiS sine faglege temasatsingar. I tråd med ideen om eit ope universitet skal UiS stå fram som samarbeidsorientert, raust og inkluderande. Framifrå prestasjonar blant studentar og tilsette skal støttast opp av eit godt lærings- og arbeidsmiljø.

I 2021 har styret vore opptekne av å få iverksett Strategi 2030 i heile organisasjonen. I mars 2021 drøfta styret ein handlingsplan med utgangspunkt i dei strategiske satsingsområda. UiS sin nye planstruktur består av institusjonell fireårig handlingsplan og årsplan, og fireårige handlingsplanar og årsplanar for fakulteta og Arkeologisk museum. Styret er godt nøgd med at ny strategi og handlingsplanar no er forankra i heile organisasjonen og at desse blir etterlevde både på institusjonsnivå og fakultetsnivå.

Grøn omstilling og campusutvikling

Grøn omstilling er kjernen i Strategi 2030. I 2021 starta omstillingsarbeidet gjennom forskning, kunstnarisk utviklingsarbeid, utdanning og innovasjon, og UiS si eiga grøne omstilling på campus og i drift. Grøn omstil-

lingslab er etablert for å gje tyngd og kraft til koordineringa av arbeidet på tvers av fagområde og fakultet ved UiS. Nettverket rundt Grøn omstillingslab skal fremme tverrfagleg forskningssamarbeid, integrere berekraft i utdanningane og bidra til samfunnsnyttig omstilling i nært samarbeid med arbeidslivet. UiS sin eigen campusutviklingsplan legg til rette for fleire studentbustader på campus, meir sykling og meir bruk av buss for studentar og tilsette. Campus skal bli grønar, med eit større biologisk mangfald av tre, buskar og blomar.

RESULTAT I 2021

Utdanning

UiS og styret har følgd nøye med på regjeringa sitt pålegg og råd om smittevern i 2021. Det har vore viktig å oppretthalde normal drift så langt som mogleg samstundes som ein har gjort naudsynte endringar fortløpande for å støtte opp under studentane sine høve til å fullføre studia på normert tid. UiS har saman med Studentsamskipnaden i Stavanger (SiS) og Studentorganisasjonen StOr halde i gang så mange aktivitetar for studentane som mogleg i form av faglege, pedagogiske og sosiale aktivitetar. Resultata av studentopp-taket i 2021 er totalt noko svakare enn i 2020. UiS har ein oppfyllingsgrad til grunnutdanningane via Samordna opptak på 112 prosent (2800 studentar), som er litt under målsettinga som universitetsstyret har sett til 115 prosent. Styret er glad for at resultata frå Studiebarometeret er klart betre enn i 2020. Framgangen gjev eit håp om at tiltak som er sette i verk, no gradvis gjev betre resultat. Styret vil framleis ha merksemd på føresetnader for eit godt læringsmiljø. Styret er godt nøgd med at det reviderte kvalitetssystemet for utdanning blei godkjent av NOKUT i desember 2021 og at det no er integrert i heile organisasjonen.

Forskning

Styret registrerer at forskingsaktiviteten ved UiS i 2021 har vore litt variabel grunna koronapandemien, med ein nedgang i resultata på enkelte område. Trass i ein liten nedgang i publiseringverksemda, merkar styret seg at UiS held på tredjeplassen blant norske universitet når det gjeld publisering per vitenskapleg tilsett. Det blei i 2021 gjennomført totalt 52 disputasar som er ein

nedgang frå 74 disputasar i 2020. Nedgangen skjer etter to år med sterk auke i talet på disputasar ved UiS. Styret vil følge nøye med i utviklinga framover. Styret er glad for at bidragsinntekter frå Forskingsrådet og EU per fagleg årsverk viser at UiS held fram den positive trenden med auka inntekter dei siste fire åra.

Innovasjon og samfunn

UiS skal vere eit ope, samarbeidsorientert og innovativt universitet med låge barrierar mellom ulike fagmiljø og mot verda rundt oss. I 2021 jobba UiS med å raffinere og forbetre den eksterne heimesida, noko som førte med seg ein stor auke i talet på besøkande. UiS formidla i 2021 etableringa av ECIU University til studentar og omgjevnadene. Ein kampanje rekrutterte studentar til å løyse utfordringar frå eksterne partnarar. Studentinkubatoren LevelUp har saman med Start UiS arrangert idékonkurransar og faste samlingar for studentane. Lyspæren er eit sambruksareal for innovasjon, entreprenørskap og berekraft, og har utvikla seg til å bli ein aktiv myldreplass for studentar, tilsette og eksterne aktørar, der det blir lagt til rette for å stimulere kreativitet og samhandling på tvers.

Organisasjon og infrastruktur

UiS arbeider kontinuerleg med å utvikle organisasjonen. I løpet av 2021 er det arbeidd fram fleire sentrale planar og prosessar for å sikre ei best mogleg verksemdstyring slik at UiS skal oppnå dei store ambisjonane om omstilling og fagleg styrking i åra som kjem. Styret er tilfreds med at resultatata frå medarbeidarundersøkinga viser klar framgang, og at UiS som organisasjon har eit stabilt godt arbeidsmiljø.

PRIORITERINGAR FOR 2022

Nye utdanningstilbod ved UiS

Styret etablerte i 2021 ph.d.-program i kunstnarisk utviklingsarbeid, masterprogram i rettsvitenskap og profesjonsstudium i psykologi. Styret vil halde fram arbeidet med å få på plass ei medisinutdanning ved UiS, og vil elles støtte opp om UiS sine ambisjonar om etablering av profesjonsutdanning i psykologi og masterprogram i rettsvitenskap. Styret vil følge dette tett opp i 2022.

Langsiktige verknader av korona


Styret vil følge tett med på dei langsiktige verknadene av covid-19-pandemien både for studentar og tilsette, og kva unntakstilstanden har hatt å seie for undervisning og drift. Særleg vil situasjonen for studentane og deira psykiske helse og læringsutbytte vere eit prioritert tema i 2022. Krisetiltaka kan også få negativ effekt for helse til tilsette, og for forskning og arbeidsmiljø på kortare og lengre sikt. Styret vil difor ha auka merksemd rundt desse utfordringane i 2022.

Internasjonalisering

Styret har klare ambisjonar om å utvikle UiS vidare, med høgare kvalitet som ei rettesnor for planar og forbetringsarbeid for kjerneverksemd og drift. Blant anna vil vidare internasjonalisering og mangfald kunne ha ein stimulerande verknad på nyskaping, innovasjon og omstilling.

Handlingsplanen 2022–2025 gjev ei overordna retning for korleis UiS skal levere på ambisjonane i Strategi 2030. Det er med tilfredsheit at styret merkar seg at UiS vil halde ved lag Europa-satsinga gjennom samarbeidet i nettverket European Consortium of Innovative Universities (ECIU).


Melding frå styret, signaturar frå styrerepresentantar
Stavanger 10.03.2022



Anne Marit Panengstuen
Styreleiar




Janne Johnsen



Liv Åsa-Marie Sunnercrantz



Tom Hetland



Sigrun Karin Ertesvåg



Svein Erik Tuastad



Kolbjørn Brønnick



Eskild Holm Nielsen



Fredrik Myklebust Iversen



Genette Klyve Våge



Anne Marit Aspenes



II. Introduksjon til verksemd og hovudtal

Foto: Siri J. Pedersen

Universitetet i Stavanger er ei offentlig verksemd under Kunnskapsdepartementet (KD). Samfunnsoppdraget er å tilby høgare utdanning, forskning og kunstnarisk utviklingsarbeid på høgt internasjonalt nivå. Universitetet skal legge til rette for at tilsette og studentar kan delta i samfunnsdebatten og bidra til innovasjon og verdiskaping, og samarbeide med relevante aktørar for å styrkje kvalitet og relevans i verksemda. Universitetsområdet ligg på Ullandhaug i Stavanger, og dei fleste einingane er plasserte her. UiS ligg i ein region med ein dynamisk arbeidsmarknad og har ein innovativ og internasjonal profil, og universitetet sin visjon er å fungere som ei drivkraft i kunnskapsutvikling og endringsprosessar i samfunnet.


«Vi vil utfordre det velkjente og utforske det ukjente»

Styret er det øvste styringsorganet ved UiS, medan rektor har det øvste vitskaplege og administrative ansvaret. Rektor er leiar for den samla verksemda ved universitetet og sekretær for styret. Rektoratet er tilsett på åremål og består i tillegg til rektor av tre prorektorar for høvesvis forskning, utdanning og innovasjon og samfunn. Leiargruppa ved Universitetet i Stavanger består av rektoratet, direktør for organisasjon og infrastruktur, dekanar, direktør for Arkeologisk museum og leiaren for studentorganisasjonen StOr.

Den vitskaplege verksemda ved UiS er organisert i seks fakultet i tillegg til Arkeologisk museum. Kvar av desse einingane er delt inn i institutt og avdelingar. Det finst også fleire forskingssenter og nasjonale forskings- og kompetansesenter knytte til UiS. I tillegg har Universitetet i Stavanger samarbeid med FoU-senter, kunnskapsklynger og nettverk. Dei fellesadministrative einingane og Universitetsbiblioteket er leia av prorektorane og av direktøren for organisasjon og infrastruktur.



Overordna organisasjonskart



Hovudtal for UiS

Hovudtal	2018	2019	2020	2021
Menneskelege ressursar				
Talet på tilsette	1 821	1 854	1 935	2 229
Talet på årsverk	1 483	1 550	1 611	1 771
Omsetning (totalramme i mill.kr)	1 806	1 970	2 014	2 213
Utdanning og forskning				
Talet på studentar, haust	11 815	11 560	12 410	12 615
Uteksaminerte kandidatar	2 345	2 535	2 650	2 610
Doktorgradsavtalar	360	395	415	435

III. Aktiviteter og resultat i 2021



3.1. RESULTATRAPPORTERING PÅ STRATEGI 2030 OG UTVIKLINGSAVTALEN MED KD

Dette kapitlet omtalar korleis universitetet har arbeidd med dei seks satsingsområda i Strategi 2030, eigne verksemdsmål og utviklingsavtalen med KD.

3.1.1 Grøn omstilling

UiS arbeider for ei meir berekraftig samfunnsutvikling og nye måtar å forvalte naturressursar på, og eit strategisk mål er å tilby tverrfaglege studieprogram der vi vektlegg kompetanse innan berekraft. På kort tid oppretta UiS Bachelor i batteri- og energiteknologi, som svarer direkte på etterspørsel etter kompetanse som trengst for å bygge nye, grønne næringar. Master i energi, reservoar og geovitenskap er også nytt i UiS sin studieportefølje, og skal utdanne ingeniørar som forstår kompleksiteten i, og det naudsynlege ved ein overgang til ein berekraftig energimiks.

UiS engasjerte i 2021 ei prosjektgruppe som vurderer forslag til revisjon av kvalitetssystemet for akkreditering og evaluering av studieporteføljen med omsyn til innovasjon, entreprenørskap og berekraft i utdanningane. Prosjektgruppa kartlegg kva som trengst av nye emne og skal gjere framlegg om nye emne på tvers av studieprogram og fakultet. Arbeidet skal skape kontakt mellom fagmiljø som treng kompetanse innan berekraft, innovasjon og/eller entreprenørskap, og fagmiljø som har ein slik kompetanse, og om naudsynt fremme utdannings-samarbeid mellom fakultet innanfor dette området.

UiS er i ferd med å utvikle måleparametrar for korleis forskning påverkar omstilling (impact), for systematisk å dokumentere og gjere synleg korleis UiS bidrar til innovasjon i næringsliv, i offentleg sektor og elles i samfunnet. Den overordna strukturen for KPI for innovasjon (KPII) har fire grupperingar: kommersialisering, finansiering av innovasjon, dei komplekse interaksjonane mellom menneske og nettverkssamarbeidet mellom universitetet og samfunnet.

Ei UiS-leia storsatsing på berekraftig havbruk fekk nær 100 millionar kroner frå regjeringa si Grøn plattformordning. Satsinga, som bygger på kompetanse frå oljeindustrien, skal betre fiskevelferda og redusere miljø- og klimaavtrykket i havbruket. I tillegg er UiS del av eit

nytt, felles løft med Havforskningsinstituttet og UiB, med fokus på korleis forvaltning av havet kan gje oss meir mat, energi og råvarer med lågt miljøavtrykk.

Fagmiljø og satsingar som prioriterer forskning knytt til berekraftig utvikling er til dømes energiforskning i vindklynga OTICS, Future Energy Hub sitt arbeid for grønne bygg og bydelar, Greenhouse si miljøhumanistiske forskning, Senter for innovasjonsforskning og forskargruppa Nye energisystem. Felles for desse er at dei har eit breitt nettverk av industrielle og akademiske partnarar.

Forskningsbaserte selskap med utspring frå UiS viser seg attraktive for investorar, og fleire av desse bidrar direkte til grøn omstilling, blant anna Saferock (miljøvenleg betong), NablaFlow (vindsimulering for meir berekraftige byar) og Shoreline (vindsimulering for havvind). Nabla Flow fekk verifiseringsmidlar på 3,1 millionar kroner frå Forskningsrådet, og fem millionar kroner frå Innovasjonsprogram for næringslivet (IPN). Enova bidrar med 11,5 millionar kroner for at Saferock AS skal realisere eit pilotanlegg for produksjon av meir berekraftig betong.

Grøn omstillingslab er etablert for å gje tyngd til det gjennomgripande arbeidet for grøn omstilling ved UiS. Nettverket rundt Grøn omstillingslab skal fremme tverrfagleg forskningssamarbeid, integrere berekraft i utdanningane og bidra til samfunnsnyttig omstilling i nært samarbeid med arbeidslivet. Ein koordinator blei tilsett i 2021, og innretninga vil vareta UiS sitt systematiske arbeid med grøn omstilling i åra som kjem.

Samarbeidet med Norsk klimastiftelse har engasjert forskarar, næringsliv og andre gjennom diskusjonsmøte. Fullteikna arrangement og konstruktiv meningsbryting har vist potensialet i å setje grøn omstilling på agendaen.

Universitetet sin eigen campusutviklingsplan legg til rette for fleire studentbustader på campus, meir sykling og meir bruk av buss – i tillegg til at campus skal bli grønare med biologisk mangfald og vekstar. Både UiS og SiS er Miljøfyrtårn og held rekneskap med eigen miljøstatistikk. For å skape engasjement for å få ned eige CO₂-fotavtrykk arrangerte UiS Grøn dag 5. oktober for alle tilsette og studentar.

Utviklingsavtalen med KD (2021-22) - Grøn omstilling

Utviklingsmål	Delmål 1	Delmål 2	Skildring
UiS skal bidra til å omstille samfunnet gjennom forskning, kunstnarisk utviklingsarbeid, utdanning og innovasjon.	UiS skal inkludere grøn omstilling i utdanningane.	UiS skal bidra til grøn omstilling gjennom forskning og innovasjon.	Inkludere berekraft og omstillingskompetanse i læringsutbytteformuleringane i studieplanane. Utvikle to tverrfakultære valemne med fokus på grøn omstilling, eitt på bachelornivå og eitt på masternivå. Etablere tverrfakultære forskingssamarbeid som inkluderer omstilling og berekraft. Utvikle eit mål for korleis forskning påverkar omstilling (impact).

3.1.2 Energi

UiS skal ha ein leiande posisjon innan forskning, utdanning og innovasjon på energifeltet. Kompetansen vår innan teknologi, økonomi og samfunnsforståing skal møte omstillingsbehov i energiforsyninga. Vi skal vidareutvikle den særigne kompetansen vår gjennom heilskapleg og tverrfagleg kunnskapsproduksjon innan energiforskning og -utdanning.

Eit flaggskip på energifeltet ved UiS har vore det nasjonale forskingssenteret The National IOR Centre of Norway. Senteret har vore finansiert av Forskningsrådet og ei rekke industripartnarar. I desember 2021 avslutta senteret sitt åtteårige arbeid med leveranseforum der industripartnarane tok imot konkrete leveransar på utvikling av kostnadseffektive og miljøvenlege metodar for å hente opp restolja på norsk sokkel. Forskinga har sidan oppstart av senteret i 2013 hatt merksemd rundt bruksverdi, noko det tette samarbeidet med olje- og serviceindustrien og offentlege myndigheiter har vore med på å sikre.

Energiområdet ved UiS er sterkt knytt til grøn omstilling, og står heilt sentralt i Strategi 2030 og er ei tverrgående satsing med verknad for alle fag- og verksemdområde. Samstundes som IOR-senteret blei avslutta, fekk UiS ei løyving frå Forskningsrådet til eit nytt Petrosenter, National Centre for Sustainable Subsurface Utilization of the Norwegian Continental Shelf (NSC2030). Senteret skal finne løysingar som maksimerer verdiskapinga av energiressursane på norsk kontinentalsokkel, samstundes som målet om nullutslepp skal nåast. Senteret er eit fleirfagleg samarbeid der teknologiske utfordringar, så vel som samfunnsøkonomiske og

sikkerheitsmessige aspekt ved utvikling av berekraftige energiløysingar for norsk sokkel, vil bli adresserte. NCS2030 skal ikkje berre vere til nytte for olje- og gassindustrien, men også for anna industriverksemd som skal utvikle energi med redusert karbonavtrykk.

UiS vil betre kunnskapen og kompetansen som kan bidra til ei raskare grøn omstilling og meir berekraftige energiløysingar. Til dømes har UiS fleire pågåande forskingsprosjekt som er finansierte av Equinor – Akademia avtalen, der blant anna hydrogen som energiberar i framtidens energimiks er tema. UiS etablerer også nye studium som engasjerer studentar til å vere med å lage energisystem for framtida. Bachelorprogrammet innan batteri- og energiteknologi har fyrste opptak våren 2022. Dette er ei tverrfagleg utdanning som kombinerer materialteknologi, datateknologi, fornybar energi, kjemiteknikk og matematisk modellering.

UiS samarbeider med næringsliv og det offentlege for å utvikle aktivitetar innan forskning, innovasjon og utdanning på energiområdet. Det er bygd opp ein framifrå og variert kompetanse knytt til offshore vindenergi der fleire nærings-ph.d.-ar deltek. Eitt av dei åtte UiS-prosjekta innanfor banebrytande forskning som blei innvilga frå Forskningsrådet i 2021, handlar om design av store offshore vindturbinar. I eit anna prosjekt skal ein ved hjelp av matematiske modellar analysere fundament for offshore vindmøller og bidra til testing av Rosenberg Worleys havvindløyising Flexifloat.

UiS arbeider for fleire samarbeidsprosjekt med Stavanger kommune for å støtte opp om Stavanger kommune

sin strategi som energihovudstad. Samarbeidet innan by-forsking med både offentlege og private aktørar i kommunen og regionen bidrar jamt til dette. I tillegg samarbeider UiS tett med næringslivet i regionen om forskings- og innovasjonsprosjekt innan fornybare satsingar. Eit viktig initiativ frå UiS mot utvikling av berekraftig energi i Stavanger-regionen er eit ambisiøst initiativ om ei regional mobilisering og samordning for å sikre at Stavanger vinn fram som ein av 100 klimanøytrale byar i Europa med finansiering i Horisont Europa.

3.1.3 Helse og velferd

UiS har som ambisjon å vere eit leiande universitet for utvikling av framtidens helse- og velferdstenester gjennom innovasjon og tverrfagleg samarbeid. Helse og velferd er eit satsingsområde som ligg i kjernearbeidet ved fleire fakultet.

Eit av dei to tverrfaglege prosjekta ved UiS som fekk løyving i samband med Fellesløftet IV (NFR), er i samarbeid med Stavanger Universitetssjukehus (SUS) og fleire internasjonale partnarar. Denne sterke internasjonale gruppa er i stand til å takle eit tverrfagleg problem innan molekylærbiologi som ikkje kunne blitt løyst like godt dersom dei hadde jobba kvar for seg. At vi har lukkast med å skaffe denne finansieringa til UiS og SUS, viser posisjonen vår som klinisk og biomedisinsk forskingsarena. Dette er også eit resultat av målretta satsing og investering frå UiS i forskingsfeltet.

Forskingssenteret Centre for Resilience in Healthcare (SHARE), er i dag Noregs største forskingsmiljø innan kvalitet og pasienttryggleik. I 2021 var SHARE gjennom ei vellukka midtvegsevaluering som viste særst gode resultat innan evalueringskriteria (forsking, ekstern finansiering, internasjonalisering, forskarutdanning og rekruttering, senterleiing og struktur). SHARE blei i 2021 tildelt to store covid-19-prosjekt innan risikokommunikasjon, internasjonale studiar innan resiliens i helsetenesta, lansering av forskingsbaserte digitale leiarverktøy i kommunehelsetenesta, nyvinningar innan digital studentoppfølging og personsentrert kreftbehandling for å betre kvalitet i helsetenesta, internasjonale komparative studiar og prosjekt innan simu-

leringsbasert utdanning mellom nord og sør. SHARE var i 2021 vertskap for eit etterspurt og vellukka internasjonalt symposium for forskarar tidleg i karrieren for å fremme nettverk, relasjonar og internasjonalisering.

Gjennom å støtte opp under forskning på tvers av fagområde og disiplinær skal Nettverk for velferdsforskning bidra til kunnskaps- og innovativ tenesteutvikling på velferdsområdet. Nettverket er eit tverrfagleg samarbeid mellom UiS, NORCE, VID vitskapelege høgskule, Statsforvaltaren i Rogaland og NAV Rogaland. I 2021 har nettverket organisert fleire seminar om faglege område som migrasjon og utanforskap, om søknadsskriving og prosjektutvikling for medlemmane i nettverket, med mål om å mobilisere til fleire søknader for eksternfinansiert forskning.

Forsking og utdanning i skjeringpunktet mellom helse og teknologi har stor merksemd på UiS, og er viktig for å løyse utfordringane som helsevesenet står overfor dei neste åra.

I 2021 blei eit nytt bachelorprogram i medisinsk teknologi akkreditert med fyrste opptak i 2022 for å imøtekomme det store behovet for medisinsk teknisk personell i sjukehus og industri. Utdanninga er tverrfagleg, og kombinerer avansert matematikk, fysikk, elektroteknikk og programmering med anatomi og fysiologi, medisinsk teknologiforvaltning og andre emne som er retta direkte mot medisinsk teknisk utstyr. Dette er del av ei vidare oppbygging av utdanningstilbod innanfor helseområdet på UiS og eit neste steg i satsinga i å utvide tilbodet med ein master i medisinsk teknologi i samarbeid.

I 2021 hadde UiS møte med, og leverte dokumentasjon til, den interdepartementale arbeidsgruppa bestående av representantar frå KD, HOD og Finans som er sett ned for å vurdere utdanningskapasitet og alternative studiemodellar i medisin. Medisinstudiet ved UiS har stor politisk oppslutning i regionen, og det er gjeve tilsegn om 84 millionar kroner i oppstartsfinansiering for studiet frå Sparebankstiftelsen SR-Bank, UllaFørrfondet, Folke Hermansen AS og Universitetsfondet.

Våren 2021 oppheva Stortinget gradsforskrifta gjeldande for bl.a. profesjonsstudium i psykologi. UiS har difor utarbeidd eit profesjonsstudium som er internt akkreditert og styret har gjeve løyve til etablering. I oktober blei akkrediteringssøknaden for studiet sendt NOKUT. Det er 55 psykologar ved UiS, og av desse vil 38 vere involverte i studiet som femnar om tre fakultet. Hovudsamarbeidspartnar for studiet er SUS, og det er inngått avtalar om samarbeid både med Helse Fonna, kommunar og private ideelle aktørar. Det er stort behov for psykologar, særleg i Rogaland og særleg i kommunal sektor.

Kognitiv lab er eit nytt tverrfagleg forskingssamarbeid der alle fakultet og Arkeologisk Museum ved UiS deltek. Kognitiv nevrovitenskap er ein sentral metodisk komponent, med måling av åtferd, fysiologi og nevroanatomy anvendt innan ulike fagområde. Laben har fem datainnsamlingsrom og fakulteta samarbeider om drift, dataanalyse og utviklingsarbeid ved laben som er fysisk plassert sentralt på campus. Fleire ph.d.-kandidatar er tilknytte Kognitiv lab som er samarbeidspartnar i fleire søknader om eksternfinansiering.

NewbornTime er eit samarbeidsprosjekt mellom UiS, Stavanger universitetssjukehus (SUS), Laerdal medical og BitYoga. Prosjektet hadde oppstart i 2021 og handlar om å forbetre nyføddeomsorga ved bruk av kunstig intelligens (AI) for aktivitetsgjenkjenning i video frå tida under og etter fødselen. UiS bidrar også til eit av Kreftforeninga sitt nye tverrfaglege pionerprosjekt der forskarar innan materialvitenskap, elektronikk, cellebiologi og klinisk kompetanse bruker straum for å måle korleis kreftsvulstar responderer på ulike behandlingar.

UiS har tilrettelagt for fleire samarbeidsarenaer som inkluderer regionale partnarar og ei rekke offentlege og private aktørar innan helsetenesteutvikling for å fremme helseinnovasjon og samhandling. HelseCampus (HCS) er ei plattform for tverrfagleg forskings- og innovasjonssamarbeid som inkluderer Stavanger kommune, Helse Stavanger, Universitetet i Stavanger, NORCE, Laerdal Medical og Validé og skal legge til rette for fleire møteplassar mellom akademia, offentlege helsetenester, næringsliv og pasient-/pårørandeorganisasjonar. For-

målet er å stimulere til vidare kunnskapsutvikling innan helse når det gjeld dei tre strategiske satsingsområda simulering, trygging og samhandling.

3.1.4 Læring for livet

UiS har ein ambisjon om å vere banebrytande på utdanningsfeltet gjennom å utforske og etablere nye måtar å samhandle på, nasjonalt og internasjonalt. Vi skal førebu menneske til eit samfunn i stadig endring, og tilby relevant utdanning for alle fasar av livet, noko som omfattar kunnskap om danning, demokrati og kultur- og historieførståing.

For å lukkast med måla i handlingsplanen er aktiv deltaking på nasjonale og internasjonale konkurransearenaer for utdanningsprosjekt svært viktig. I 2021 blei det søkt om og innvilga ekstern finansiering til fleire prosjekt innan studentaktiv læring, kvalitetsutvikling og internasjonalisering. Det blei også gjennomført fleire tiltak for vidareutvikling av verktøy som støttar prosjektleiarar i søknadsfasen og fram til kontraktsinngåing.

Forskarar frå fleire fagområde ved UiS er gått saman for å utvinne ny kunnskap om korleis lærarar kan vidareutvikle eigen undervisningspraksis for å skape større engasjement for lesing og læring. Enact-prosjektet har eit budsjett på 33,6 millionar kroner.

To samarbeidsprosjekt tett på praksisfeltet fekk til saman 24 millionar kroner frå Forskningsrådet. *Les for meg* skal gje lærarar verktøy for å nært følge elevane si lese-utvikling. I prosjektet DiCoTe skal forskarar og barnehagelærarar ta i bruk ein type kodeleik for born i alderen tre til fem år. Prosjektet handlar om å programmere fysisk og taktilt, utan skjerm.

UiS sende inn totalt 10 prosjektsøknader til Erasmus+ våren 2021. Seks blei innvilga til ein kontraktsverdi for UiS på om lag 8 millionar kroner.

UiS deltok også i totalt 34 søknader til nasjonale program, som mellom anna NORPART, NOTED og UTFORSK. Ti av desse blei innvilga til ein kontraktsverdi for UiS på meir enn 44 millionar kroner.

Det fireårige prosjektet for utvikling av distriktsvenleg bachelor i sjukepleie er eit omfattande døme på tiltak med start i 2021. Prosjektet er finansiert med 9,1 millionar kroner frå HK-dir.

Ved utgangen av 2021 er det 75 aktive eksternfinansierte utdanningsprosjekt ved UiS. Av desse er 30 innan Erasmus+ programmet, fem innan NORHED og 40 innan program forvalta av HK-dir.

UiS har prioritert høg søknadsaktivitet for utvikling av fleksibel etter- og vidareutdanning og har lukkast godt med å prioritere søknader på prosjekta i det nasjonale verkemiddelapparatet. I 2021 fekk EVU-verksemnda auka prosjektinngang frå HK-dir. med eit tilslag på 17 millionar kroner.

UiS har også starta ein større gjennomgang og vurdering av etter- og vidareutdanningsverksemnda og EVU-porteføljen for betre organisering og samarbeid.

Evalueringsverksemnda i universitetet viser at det framleis er rom for betring av den totale utdanningsfaglege, didaktiske og digitale kompetansen i fagmiljøa. Dette er ein viktig del av universitetet sin handlingsplan. Pandemien førte med seg auka behov for god didaktisk og digital kompetanse. I 2021 blei arbeidet med å støtte denne kompetanseutviklinga intensivt i NettOp- og UNIPED-einingane. UiS sette ned ei arbeidsgruppe som skal legge til rette for implementering av Kunnskapsdepartementet sin digitaliseringsstrategi. Førre året starta også eit breitt anlagt arbeid med å gjennomgå, revidere og etablere nye ordningar for kompetanseheving og kvalitetsutvikling.

UiS tek saman med partnerane sine i European Consortium of Innovative Universities (ECIU) del i det europeiske universitetet ECIU University. Måla for ECIU University skriv seg direkte inn i dagens utdanningspolitiske kontekst, på europeisk og nasjonalt nivå, og behovet for å rette utdanningane mot eit samfunns- og arbeidsliv i omstilling. Arbeidet med ECIU University er òg nær knytt til UiS sin eigen strategi og handlingsplan.

Fakultet for utdanningsvitenskap og humaniora produserer fem tv-sendingar under fana «Læring for livet», der forskarar og fagpersonar i diskusjon og samtale formidlar forskning til praksisfeltet. Ei undersøking blant utvalde sjåarar viser at programmet treffer målgruppa, og at dei blir brukte til mellom anna kompetanseutvikling, planleggingsdagar og undervisning og at dei opplever innhaldet relevant for målgruppa. Sendingane har gode sjåartal og lang levetid, og blir publisert på UiS, Lesesenteret og Læringsmiljøsenderet sine Facebooksider, på uis.no, YouTube og Forskning.no.

3.1.5 Eit ope universitet

UiS har tradisjon for å vere bevisst rolla som samfunnsbygger, og den strategiske ambisjonen om å vere eit ope universitet har forankra og forsterka dette.

Ytringsfridom blei løfta i samfunnet generelt og på UiS spesielt. Temaet har ført til engasjement, og ulike interne og eksterne debattar er i kjømda. Rektor har ved fleire høve delteke i samfunnsdebatten, og har oppfordra UiS-tilsette til det same. Dette blei til dømes lagt merke til då han deltok på Klimarealistane sitt arrangement som ei motstemme til deira budskap. UiS-rektoren blei trekt fram av juryen for Årets namn i academia, der han blei finalist i 2021.

I nye, institusjonelle handlingsplanar er det ei prioritert oppgåve å stimulere til og utvikle debattarenaer der UiS sin kunnskap kan opplyse det offentlege ordskiftet, både eigne og i samarbeid med eksterne aktørar. Verdiskapingsforum ved UiS støttar opp om dette, med innhaldsrike møte mellom academia og private og offentlege verksemder under haustens opne seminar i Verdiskapingsforum, i tillegg til medlemsmøte og samhandlingsgrupper.

I høve det komande [Henrik Steffens-jubileet](#) arrangerte Kulturutvalet ved UiS fem salongar utover hausten 2021 der Steffens sitt liv og vyrke danna utgangspunkt for diskusjonar og samtalar. Handelshøgskolen ved UiS er medarrangør for økonomifestivalen Kåkonomics, som i 2021 hadde 6000 vitjande på meir enn 80 arrangement. Suksessen er blant anna tanke- og

samtalerommet som oppstår mellom paneldeltakarane og publikum, heilt i tråd med UiS sitt mål om å legge til rette for levande møteplassar for kritisk refleksjon, kunnskapsdeling og danning.

UiS legg vekt på at studentane får fleire moglegheiter til samarbeid med arbeidslivet, blant anna gjennom gjesteførelesarar, oppgåveskriving i samarbeid med arbeids- og næringsliv, case-arbeid, hackathon med eksterne partnarar og praksis. For å styrkje arbeidslivsrelevansen i utdanningane arbeider fakulteta med å tilby meir arbeidspraksis i studia. Det er ei prioritert oppgåve å arbeide med kvalitet i praksisopphald og samanheng med studieprogramma.

Gjennom ECIU University sin utfordringsbaserte metodikk kjem studentar tett på reelle utfordringar, også i eit internasjonalt perspektiv.

Smartbyforskningsnettverket ved UiS er aktivt involvert i ECIU-prosjektet ECIU SMART-ER, som skal etablere eit felleseuropeisk virtuelt forskningsinstitutt, med forskarar frå alle ECIU-universiteta.

Universitetet er utsmykka med ei rekke kunstverk både innandørs og ute, ei kunstsamling som består av nesten

500 verk. I 2021 blei samlinga kartlagt og gjort meir tilgjengeleg for publikum, og no har mange av verka fått ny merksemd. I ein guide på uis.no kan ein no bli betre kjend med nokre av dei og kunstnarane bak.

Uis.no er bygd med brukaren sine behov i fokus, og i 2021 blei nettstaden vidareutvikla for å gje vitjande ei best mogleg oppleving i det digitale møtet med UiS. Campusutviklingsplanen til UiS er klar, og vil bidra til eit ope universitet også fysisk, med rom for store og små møteplassar, uformelle treff og større arrangement. Ei arbeidsgruppe har gått gjennom skilting og informasjonsbehov på campus.

Universitetsbiblioteket (UBiS) er det einaste universitetsbiblioteket i Noreg som held ope heile døgnet for studentar og tilsette. Her blei også meir enn 120 arrangement haldne i innbydande lokale, og denne verksemda er eit satsingsområde under utviding til glede for heile regionen. Ved UBiS kan ein få rettleiing i open publisering, og UiS har auka den opne publiseringa både for eigenarkivering, gull- og diamantpublisering.

BiS driv to digitale plattformer for open publisering og intensiverer denne satsinga i tråd med Plan S.

Utviklingsavtalen med KD (2021-22) - Eit ope universitet

Utviklingsmål	Delmål 1	Delmål 2	Skildring
UiS skal vere samarbeidsorientert, raust og inkluderande, og legge til rette for levande møteplassar for kritisk refleksjon, kunnskapsdeling og danning.	Universitetets utdanningar skal ha utvida samarbeid med arbeidslivet.	UiS skal vidareutvikle open vitskap og framifrå formidling.	Utdanningane skal i løpet av avtaleperioden få klarare arbeidsrelevans gjennom utvida samarbeid med arbeidslivet, utfordringsbaserte og tverrfaglege løysingar nasjonalt og internasjonalt. UiS skal ha tilbod om praksis i alle studieprogram. UiS skal prege samfunnsdebatten gjennom jamlege bidrag i medium med stort gjennomslag. Alle publiseringar skal ha open tilgang.

3.1.6 Eit godt lærings- og arbeidsmiljø

UiS skal vere ein stad der framifrå prestasjonar blant studentar og tilsette blir støtta opp av eit godt lærings- og arbeidsmiljø. UiS skal vere eit attraktivt universitet å studere og arbeide ved. Gjennom høg kvalitet i kjerneoppgåvene våre skal vi tiltrekkje oss ambisiøse stu-

dentar og tilsette. Vi skal utvikle kultur for tverrfagleg kompetanse og samarbeid.

I 2021 var læring og arbeidsmiljø tema i fakulteta sine studieporteføljerapportar der dei gav ei orientering om arbeidet med:

- å oppretthalde og styrkje eit godt læringsmiljø
- ordningar for studentinvolvering og medverking
- stipendiatane sin plass i fakultetets fagmiljø og -utvikling
- varierte lærings- og vurderingsformer

Eit godt læringsmiljø er viktig for at studentane skal kunne trivast på studia og få best mogleg læringsutbytte av studiesituasjonen og undervisninga. For å styrkje læringsmiljøet er deltakarstyrte prosessar og studentinvolvering sentrale i UiS sine verksemdsmål og systematiske kvalitetsarbeid. UiS får tilbakemelding frå studentane om læringsmiljøet gjennom tidlegdialogar og emneevalueringar.

Studieporteføljerapportane syner at det kan vere ei utfordring å skape eit godt læringsmiljø ved studieprogram med store studentkull. Tiltak som har hatt merksemd i 2021 og som UiS vil arbeide vidare med, er større grad av gruppearbeid og å tilsetje fleire studentassistentar. Framdriftsrapportane for ph.d. kandidatane viser at dei fleste er svært nøgde eller nøgde med rettleiinga, og at fakulteta sikrar at stipendiatane får ein god start og oppfølging gjennom studieløpet.

Bibliotektenestene speler ei viktig rolle for kvaliteten i læringsmiljøet. Resultata i Studiebarometeret syner at studentane ved UiS er særleg nøgde med Universitetsbiblioteket i Stavanger sine lokale og tenester.

Lyspæren Innovasjonshus opna i februar 2021 og er ein myldreplass for studentar, tilsette på UiS og eksterne der det blir lagt til rette for å stimulere til kreativitet, innovasjon, entreprenørskap og berekraft. Her finst gründerinkubatoren som er UiS si rettleiingsteneste for studentar som er nysgjerrige på innovasjon og entreprenørskap. Lyspæra legg til rette for kurs, workshops, hackathons, og andre arrangement utover å vere ein stad der studentar kan jobbe med sine innovasjons- og gründerprosjekt.

UiS har etablert «Digital Innovation of Education Lab» i samband med utviklinga av ECIU University. Desse har fungert som møteplassar for lærarar, studentar og

eksterne partnerar i arbeidet med autentiske samfunnsutfordringar i og utanfor ordinære studieprogram.

Det er laga og iverksett ein overordna plan for uteområdet på campus Ullandhaug rundt den sentrale aksene gjennom campus («Bygolvet»). Merksemda er retta mot openheit, berekraft og tilgjenge til uteareala. Nokre døme på dette er uteservering frå ny kafé, meir attraktive og berekraftige uteområde, veksthus som grupperom «ute» og utearena for arrangement. Tilsvarende plan for areala inne i fyrsteetasjane i bygga langs «bygolvet» er påbyrja, mellom anna nytt velferdsbygg for studentane som blir planlagt av studentsamskipnaden i samarbeid med UiS.

Det kanskje største og viktigaste enkelttiltaket med sikte på oppfølging av arbeidsmiljøet i 2021, var gjennomføringa av medarbeidarundersøkinga og oppfølging av denne.

Det overordna formålet med undersøkinga er å kartlegge arbeidsmiljø og jobbvelvære blant tilsette ved UiS, og legge til rette for lokale, strukturelle og organisatoriske tiltak for betring og bevaring av det psykososiale arbeidsmiljøet. Trass i at undersøkinga blei gjennomført etter nesten eit år med nedstenging og heimekontor, viste resultata at UiS har eit stabilt godt arbeidsmiljø, endåtil med framgang på fleire viktige område. Resultata frå undersøkinga i 2021 er gjort nærmare greie for under kapittel 3.2.5.

Eit av dei viktigaste oppfølgingspunkta som tidleg blei peikt på, var fastsetjing av reglar og rutinar for fysisk og digital undervisning og for nærvær på campus versus heimekontor, når situasjonen normaliserer seg igjen. Retningslinjer for bruk av heimekontor kom på plass i 2021, etter ein grundig prosess med god involvering frå heile organisasjonen.

Universitetet har gjennomgått og vidareutvikla sin HR-strategi, der visjonen stadig er å bidra til verdiskaping innanfor kjerneområda utdanning, forskning, formidling og innovasjon. I den reviderte HR-strategien er kvart av målområda tett knytt opp mot dei ulike

satsingsområda i Strategi 2030, alle med tilhøyrande delmål og tiltak som skal hjelpe til med å realisere satsingsområda.

Som ledd i oppfølginga av Handlingsplan 2024 og HR-strategien starta i 2021 arbeidet med utvikling av ret-

ningslinjer og malverk for gjennomføring av utviklingsamtalar. Individuell utviklingsplan og karriereplan er integrert i det nye opplegget. Det blei også initiert eit større arbeid med utvikling av ein kompetansestrategi.

Utviklingsavtalen med KD (2021-22) - Eit godt lærings- og arbeidsmiljø

Utviklingsmål	Delmål 1	Delmål 2	Skildring
UiS skal vere ein stad der framifrå prestasjonar blant studentar og tilsette blir støtta opp av eit godt lærings- og arbeidsmiljø.	UiS skal betre student-tilfredsheita.	UiS skal utvikle eit attraktivt universitetsområde.	I løpet av planperioden skal studentane oppleve auka tilfredsheit med universitetet sitt tenestetilbod. UiS skal i løpet av avtaleperioden ha sett i verk dei mest prioriterte innsatsområda i campusutviklingsplanen. UiS vil opne opp fyrsteetasjane i dei bygga som ligg langs universitetsaksen for å synleggjere aktivitet og etablere eit studentaktivt læringsstrøk.

3.2 RESULTATRAPPORTERING FRÅ KJERNE- VERKSEMDA OG NASJONALE STYRINGS- PARAMETRAR I 2021

Dette kapitlet omtalar aktivitetar og resultat innan utdanning, forskning, innovasjon og samfunnsengasjement og organisasjon og ressursar. Under kvart kjerneområde vil vi omtale dei nasjonale styringsparametrane, og ein tabell med alle resultatata kjem i kapittel 3.2.6.

3.2.1 Utdanning

I 2021 var UiS som andre institusjonar i sektoren framleis prega av store endringar på fleire område i samband med covid-19. UiS har nøye følgd regjeringas pålegg og råd om smitteverntregime. I denne situasjonen har det vore viktig å halde oppe normal drift så langt som mogleg samstundes som ein har gjort naudsynte endringar fortløpande for å støtte opp under studentane sine høve til å fullføre studia på normert tid.

Det meste av vårsemesteret var det digital undervisning som var hovudregelen, berre få og små studentgrupper fekk kome på campus for å gjere naudsynt laboratoriearbeid og liknande. Dei fleste eksamenar blei gjennomførte som heimeeksamen. Mot slutten av semesteret starta ei gradvis reopning av campus med undervisning i grupper inntil 50 studentar, universitetsbiblioteket

opna og studentane fekk friare ta i bruk lesesalar og grupperom.

Hauptsemesteret fortsette ei forsiktig trinnvis opning av campus og ei tilbakevending til ordinær drift med naudsynt smittevern. Hovudregelen var framleis heimeeksamen, men 20 prosent av eksamenane blei gjennomførte som skuleeksamen. Då det kom nye nasjonale tiltak frå 15. desember, måtte strenge smitteverntiltak innførast for skuleeksamen. Eksamensavviklinga gjekk likevel godt utan større hendingar eller omfattande spreing av smitte. Praksis blei gjennomført som normalt i 2021.

SHoT-undersøkinga 2021 stadfesta at svært mange studentar saknar kontakt med medstudentane og føler seg einsame under pandemien. Saman med Student-samskipnaden i Stavanger (SiS) og Studentorganisasjonen StOr har universitetet i løpet av året halde oppe så mange aktivitetar for studentane som mogleg i form av faglege, pedagogiske og sosiale aktivitetar. Universitetet legg stor vekt på å sikre studentane presis informasjon på nettet og god tilgjenge til tenestene på universitetet sin tenesteportal. Tenestene er lette for studentane både å finne og bruke. Alle tenestene finst både på engelsk og norsk, slik at utanlandske og norske studentar får same informasjon.

Etter NOKUT sitt tilsyn med universitetet sitt kvalitetsarbeid i 2019, måtte universitetet gjere ein omfattande revisjon av kvalitetssystemet i løpet av 2020. NOKUT gjennomførte eit nytt tilsyn med det systematiske kvalitetsarbeidet hausten 2021 og vurderte det denne gongen slik at kvalitetsarbeidet er tilfredsstillande på alle punkt. Universitetet har innført ein fast prosess som skal sørge for kontinuerleg forbetring av prosessane kring kvalitetsarbeidet. Dette inneber ein årleg gjennomgang av alle aspekt av det systematiske kvalitetsarbeidet saman med fageiningane.

Arbeid med studieporteføljen i 2021 følgde årshjulet som styret har fastsett. Alle avgjerder om etablering av nye studium, opptakstal og eventuell endring av kapasitet er forankra i vurderingar av porteføljen i fakulteta, utdanningsutvalet og styret. Nye akkrediterte og etablerte gradsprogram vedtekte i 2021 er:

1. Bachelorprogram i ingeniørfag, batteri- og energiteknologi
2. Bachelorprogram i ingeniørfag, medisinsk teknologi
3. Masterprogram i energi, reservoar og geovitskap
4. Masterprogram i barnevernsarbeid

Alle desse programma fell inn under universitetet sin Strategi 2030 og følger opp ambisjonane for Helse og velferd, Grøn omstilling og Energi. Studieprogramma startar opp hausten 2022.

I tillegg etablerte styret i 2021 desse studieprogramma:

1. Ph.d.-program i kunstnarisk utviklingsarbeid
2. Masterprogram i rettsvitskap
3. Profesjonsstudium i psykologi

Ph.d.-programmet er akkreditert og etablert som eit fellesgradsprogram med Universitetet i Agder. For å starte opp programmet er universiteta avhengige av at graden *ph.d. i kunstnarisk utviklingsarbeid* blir lagd til dei to universiteta sine gradsrettar i gradsforskrifta.

Universitetet har etablert masterprogrammet i rettsvitskap og profesjonsstudiet i psykologi under føresetnad av positivt svar frå NOKUT på søknadene om akkreditering av studia og påfølgande endring av gradsforskrifta.

Universitetet søkte NOKUT om akkreditering av begge studieprogram innan fristen 15. oktober.

Utviklinga av ein betre reiskap for studie- og verksemdsanalyse, «UiS INNSIKT», blei vidareført i 2021. Prosjektet skal utvikle universitetet sine datavarehus-tenester for studiedata og betre datatenestene retta mot styringsorgana og leiinga ved universitetet. Arbeidet med å digitalisere prosessane i det systematiske kvalitetsarbeidet i studia ved universitetet heldt fram i 2021.

For å legge til rette for meir samarbeid med arbeidslivet og for å styrkje praksis i utdanningane, heldt arbeidet med utvikling og bruk av arbeidslivsportalen (UNIT) og samhandlingsportalen (UiS) fram i 2021.

I 2019 innførte universitetet ei ordning for periodisk programevaluering med påfølgande reakkreditering som ein ordinær del av verksemda. Reakkrediteringa av programma var tufta på evalueringar med deltaking frå éin til to eksterne fagfellar og éin representant frå arbeidslivet. Desse studieprogramma blei evaluerte i 2021:

1. Bachelor i fjernsyns- og multimedieproduksjon
2. Bachelor i ingeniørfag, byggingeniør
3. Bachelor i ingeniørfag, datateknologi
4. Bachelor i ingeniørfag, maskiningeniør
5. Master i spesialsjukepleie
6. Master i endringsleiing
7. European *Master in Social Work with Families and Children*
8. Master i byplanlegging
9. Master i industriell økonomi
10. Master i utøvande musikk
11. Lektorprogram i humanistiske fag
12. Lektorprogram i realfag
13. Executive MBA, erfaringsbasert master

For alle desse programma var hovudfunnet i evalueringa at akkrediteringa kan vidareførast. Komitéane som evaluerte studia, gav òg gode tilrådingar til vidare utvikling av programma.

Opptaket til studieplassane innan IKT-fag og helse- og sosialfag som universitetet fekk i 2018 og i RNB 2019,

er vidareført i 2021. I samband med Utdanningsløftet fekk universitetet 250 studieplassar i revidert nasjonalbudsjett 2020. Desse er fordelte til fagområda og vidareførte i 2021 i samsvar med departementet si tildeling.

Resultata av studentopptaket i 2021 er totalt noko svakare enn i 2020. Dei nasjonale trendane viste ein auke i søknader frå 2020 til 2021, og søkinga til UiS er totalt sett høgare enn førre året. Det nye bachelorprogrammet i toll, vareførsel og grensekontroll var Noregs mest søkte studieprogram. Universitetet har høg merksemd på oppfyllingsgraden på programma i opptaka. Kvart år blir det utarbeidd detaljerte rapportar om søkartal, opptak og oppfyllingsgrad som blir følgde opp i fageiningane.

Tala frå SO viser at UiS hadde 8 058 primærsøklarar til 2 491 studieplassar i det nasjonale opptaket. I dei lokale opptaka ved UiS var det 8 238 søklarar til 1 727 opptaksplassar innan toårige masterstudium, påbyggingsstudium og vidareutdanningar. Blant desse er òg dei utanlandske søklarane til dei internasjonale masterstudia i Det teknisk-naturvitenskaplege fakultetet, Fakultetet for utdanningsvitenskap og humaniora og Handelshøgskolen ved UiS der det var 3 835 søklarar til 251 plassar. I tillegg kjem søklarar til dei kunstfaglege utdanningane.

Totalt var det 2 800 studentar som registrerte seg på grunnstudia via Samordna opptak. Det gjev ein oppfyllingsgrad til grunnutdanningane via SO på 112 prosent, som er litt under målsetjinga som universitetsstyret har sett til 115 prosent. I dei lokale opptaka er det registrert 1 683 studentar til 1 727 plassar, noko som gjev ein oppfyllingsgrad på 97 prosent som er eit stykke frå målalet på 115 prosent. Totalt sett er oppfyllingsgraden for heile opptaket 106 prosent, som er svakare enn målalet. Dette er aggregerte tal som skjuler store forskjellar mellom fakulteta og mellom dei ulike studieprogramma.

Svarinngangen på 47 prosent, og resultata frå Studiebarometeret, er klart betre enn i 2020. Framgangen gjev ei von om at tiltak som er sette i verk, no gjev resultat. Universitetet vil framleis ha merksemd på Studiebarometeret, og universitetsleiinga har fastsett nye tiltak for oppfølging av resultata.

Arbeidet med ECIU University saman med partnara i European Consortium of Innovative Universities (ECIU) heldt fram i 2021. I ein pilotfase er det bygd opp eit utdanningstilbod i partnerskap med arbeidslivet basert på utfordringar knytte til SDG11 Berekraftige byar og regionar. Utfordringsbasert læring blir nytta som grunnlag for den pedagogiske metoden. Grupper av studentar og folk frå arbeidslivet arbeider saman for å løyse utfordringane i tverrfaglege og internasjonale team. I 2021 starta førebuingane til søknad om ny finansieringsperiode frå 2022.

Nasjonale styringsparametrar utdanning

Gjennomføringa på normert tid på bachelorutdanningane er 49,2 prosent. Det er ei ytterlegare betring i høve til i tidlegare år, men framleis noko under det nasjonale gjennomsnittet. Gjennomføringa på masterutdanningane har vore relativt stabil over fleire år, men UiS hadde ein nedgang i 2020 til 45,1 prosent. I fjor var resultatet 54,5 prosent som er ein gledeleg auke, men framleis litt under det nasjonale gjennomsnittet. Fakulteta arbeider framleis med tiltak for å betre gjennomstrøyminga.

Basert på tal frå Studiebarometeret bruker UiS-studenten i snitt 33,7 timar i veka på studiearbeid, organisert og sjølvstudium. Dette er litt lågare enn det nasjonale snittet på 33,9. I tillegg bruker UiS-studenten om lag 11,7 timar på lønnsarbeid, høgare enn det nasjonale snittet på 8,8 og noko høgare enn i 2020. Det er relativt stor ulikskap mellom fakulteta rundt UiS-snittet. Medan studentane ved Det helsevitenskaplege fakultetet og Det teknisk-naturvitenskaplege fakultetet svarar at dei bruker høvesvis 37,9 og 41,6 timar i veka på studia, svarar studentane ved Fakultet for utdanningsvitenskap og humaniora og Det samfunnsvitenskaplege fakultet at dei bruker høvesvis 27 og 27,8 timar.

Talet på inn- og utreisande studentar i 2021 har teke seg noko opp igjen etter alle kanselleringar som følge av covid-19. Talet på innreisande studentar er på om lag same nivå som før, medan utreisande studentar berre er noko over halve nivået frå normalåret 2019. Etter eit dramatisk fall i 2020, ser vi ein auke i talet på utreisande

de studentar på Erasmus+ av totalt studenttal til 1,33 prosent, universitetet sitt beste resultat nokosinne.

Kandidattala på universitetet si ABIOK-utdanning¹ er til saman 33 i 2021. Universitetet tek opp studentar til masterutdanninga i spesialsjukepleie (anestesi, intensiv og operasjon) kvart år, medan vidareutdanninga i kreft-sjukepleie har opptak annakvart år. Kandidattala på universitetet si ABIOK-utdanning vil difor kunne ligge noko under målalet på 34 annakvart år, men vesentleg over målalet i andre år. Resultata dei tre siste åra er: 2019: 31, 2020: 50, 2021: 33, eit snitt på om lag 38 kandidatar i året. I jordmorutdanninga blei det fyrste kullet uteksaminert i 2021 med 16 kandidatar, som er over målalet på 14. Kandidattalet for sjukepleiarutdanninga er 227 og ligg godt over målalet på 183. I GLU 5–10 er kandidattalet 8 og i GLU 1–7, 17 kandidatar. 2021 er eit «mellomår» i grunnskulelærerutdanninga, då dei fyrste kulla frå dei femårige masterutdanningane blir uteksaminerte i 2022. På barnehagelærerutdanninga blei det uteksaminert 165 kandidatar. Det er fleire enn i fjor og klårt fleire enn målalet på 115. Ved lektorutdanninga blei det uteksaminert 59 kandidatar, som er ein auke frå 2020 og godt over målalet på 28. For PPU er kandidattalet i 2021 103. Det er langt lågare enn i fjor og under målalet på 178.

Arbeidet med utdanningsfagleg kompetanse

Universitetet skal vidareutvikle undervisningskvaliteten ved universitetet og medverke til at dei tilsette får tilbod om gode faglege støttestrukturar for å kunne fremme arbeidet med kvalitet i undervisninga. Arbeidet skal bidra til at vitenskapleg tilsette utviklar og vidareutviklar undervisninga og den utdanningsfaglege kompetansen sin.

Universitetet gjev to kurs som saman svarar til departementet sitt forskriftskrav om 200 timar formelt basisnivå; NyTi og basiskurs. NyTi rettar seg mot undervisningsrelatert kollegalæring for og med nytilsette, medan basiskurset rettar seg mot ein noko breiare pedagogisk basiskompetanse.

Det er universitetet si Uniped-eining som har hovudansvaret for å drive den utdanningsfaglege kompetansehevinga og eininga driv også meritteringsordninga der vitenskapleg tilsette ved UiS kan søkje status som meritert undervisar to gonger i året.

I 2021 blei det utvikla eit 50 timars nettbasert kurs i «Digital Literacy Development for University Teachers». Målet med kurset er å støtte universitetslærarar med digital integrasjon og utvikling av digitale reiskapar i eiga undervisning. Kurset er utvikla av Uniped i eit nært samarbeid med NettOp. Kurset er del av UiS sitt progresjonsorienterte kvalifiseringssystem og ei mogleg påbygging av utdanningsfagleg kompetanse utover basisnivået. I tillegg har et større tal kollegaer teke del i digital rettleiing i løpet av 2021, leia av tre digitale rettleiarar. Hausten 2021 blei det også starta opp kurs for rettleiarar på masternivå.

Etter- og vidareutdanningsverksemda

Etter ein periode med låg etterspørsel (2017–2019) har marknaden teke seg opp igjen og omsetninga frå universitetet si EVU-verksemd i 2021 var heile 43,9 millionar kroner, ein auke på 30 % frå førre året. Ein del av omsetningsaukinga er grunna i vidareført aktivitet frå 2020, men også nye prosjekt i 2021 har auka med 12 % frå førre året.

Salsverksemda held seg stabil med høg etterspørsel etter enkeltemne og erfaringsbaserte masterprogram. Særleg etterspurde er dei erfaringsbaserte masterprogramma Executive Master of Business Administration og Master i risikostyring og sikkerheitsleiing ved Handelshøgskolen UiS og Det teknisk-naturvitenskaplege fakultetet. Resten av kursporteføljen er meir sammansett, men likevel eit viktig bidrag til det heilskaplege utdanningstilbodet for arbeidslivet både regionalt og nasjonalt.

Oppdragsaktiviteten har teke seg opp i 2021. Talet studentar har gått noko ned sidan 2020, noko som kan forklarast med eit høgt tal studentar på mange gratis kurs retta mot arbeidsledige og permitterte i fjor.

1 ABIOK: Anestesi, Barn, Intensiv, Operasjon, Kreft

Universitetet si EVU-eining er sentral i utviklinga av etter- og vidareutdanningsverksemda. Bemanninga har auka med to nye stillingar i 2021 for å imøtekomme ein auke i oppdragsmengda, og er godt rigga for vidare vekst i 2022.

Digitalisering av utdanninga

Nettbaserte løysingar har vore verksemdskritiske i pandemiperioden, og aktiviteten og etterspørselen etter nettkompetanse og tenester har også i 2021 vore prega av dette. Det har vore ein auke etterspørsel etter dei enklaste tenestene for strøyming og opptak av førelesingar. Dette har vore ein konsekvens av restriksjonane på campus og av at ei stor og mindre erfaren gruppe tilsette tok i bruk dei mest nærliggande digitale løysingane.

NettOp er universitetet si eining for tenester og støtte til utvikling av digitale løysingar for læring og vurdering i utdanningane. Løysingane spenner frå dei enklaste for strøyming av førelesingar til komplekse, adaptive spel og simuleringar.

I dei fire semestera så langt under pandemien, januar 2020 – desember 2021, er det teke opp eller strøymt meir enn 7700 førelesingar og presentasjonar. Desse er i same periode sett i overkant av 1.050.000 gonger, totalt meir enn 391.000 klokkeimar. Podkastar og videoproduksjonar er andre enkelt tilgjengelege format. I 2021 har NettOp bidratt til produksjon av 150 videoar for ulike faglege formål og 135 podkastar, som også er offentleg tilgjengelege i dei fleste tenester for podkastar. Podkastane frå UiS er i 2021 blitt lasta ned 79 500 gonger.

3.2.2 Forsking

Nasjonale styringsparametrar forskning

I 2021 blei det gjennomført totalt 52 disputasar ved UiS, noko som er ein nedgang på 30 prosent samanlikna med året før. Nedgangen skjer etter to år med sterk auke i talet på disputasar, og er mellom anna knytt til utfordringar med tilgang til laboratorium og anna utstyr grunna covid-19-pandemien. Av disputasane var 27 heildigitale, 22 delvis digitale og tre blei gjennomført som eit fysisk arrangement.

Talet på ph.d.-kandidatar som gjennomførte innan seks år har gått ned samanlikna med 2020, frå 75 prosent til 67,95 prosent. Det er viktig å påpeike at 2020 var eit rekordår for UiS. I 2021 ligg UiS så vidt over landsnittet for statlege institusjonar når det gjeld gjennomstrøyming, der prosentdelen er 67,9 prosent. UiS har gjennomført fleire tiltak for å betre gjennomstrøyminga og for å motverke negative effektar av pandemien. Det har blitt arrangert webinar om mental helse og kurs i korleis ein kan planlegge doktorgradsløpet. UiS har også starta opp «Forskarfrukost», eit månadleg arrangement primært retta mot doktorgradskandidatar der deltakarene blir servert frukost og føredrag.

Førebelse tal på publikasjonspoeng per fagleg årsverk (UFF) er 1,28 for 2021. Til samanlikning ligg landsgjennomsnittet for 2021 på (ventar på tal). Talet på publikasjonspoeng totalt ved UiS er førebels 1387 for 2021. Vi ser for 2021 eit stabilt tal frå førre år i talet på publikasjonar på nivå to, på 24 prosent. Talet på publisering med minst éin internasjonal medforfattar har derimot auka frå 45,5 prosent i 2020 til 49 prosent i 2021. Det er naturleg at koronasituasjonen i 2021 har påverka forskingsresultata. Reiseverksemd og samarbeid med andre forskarmiljø nasjonalt og internasjonalt har i 2021 bydd på utfordringar.

UiS har hatt ei positiv utvikling i andre bidrags- og oppdragsinntekter (BOA) per UFF. Tala viser ein auke frå kr 155,3 i 2020 til kr 167,5 i 2021. Her ligg UiS over nasjonalt gjennomsnitt på kr 165,8. Dette viser at forskinga ved UiS held høg kvalitet, og at det kontinuerlege arbeidet med mobilisering og støtte til dei ulike fagmiljøa har gjeve resultat.

Bidragsinntekter frå Forskingsrådet per UFF var kr 90,1 i 2021, ein auke frå kr 67,34 året før. Her ligg resultata frå UiS godt over resultata frå fleire av dei andre nye universiteta. UiS fekk som prosjektansvarleg institusjon innvilga 23 prosjekt frå Forskingsrådet, av totalt 95 søknader. Dette er ein auke frå 21 innvilga prosjekt av 104 innsende søknader i 2020. Finansiering av eit forskingssenter og ti Forskarprosjekt er også eit resultat av UiS sitt systematiske arbeid med å fremme kvalitet

i forskning. Dette gjeld også to innvilga prosjekt under Fellesløft IV – store tverrfaglege forskarprosjekt, som er eit viktig satsingsområde for UiS.

Fagmiljøa ved UiS har gjort det svært godt i kategorien «Kompetanse og samarbeidsprosjekt» (KSP). UiS fekk innvilga seks prosjekt, blant anna innanfor fagfelte energi, utdanning og helse. Samarbeid med det private næringsliv, offentleg sektor og andre samfunnsaktørar er viktig for desse prosjekta, der målet er å løyse komplekse samfunnsutfordringar som regionen og verda står overfor. UiS er vidare partner i tre nye innovasjonsprosjekt som blei tildelt finansiering av Forskingsrådet i 2021. Desse skal føre til fornying og berekraftig verdiskaping for bedriftene og dei offentlege verksemdene som deltek i prosjekta.

Verdien av Horisont 2020- kontraktar per FoU-årsverk var kr 1 158,12 i 2021 mot kr 4 110 i 2020. Dette kan forklarast ved at 2021 var oppstartsåret for Horisont Europa, og det blei sendt langt færre Horisont-2020 søknader. Deltaking i Horisont Europa er høgt prioritert ved UiS, og grøn omstilling er det overordna temaet i strategien. Dette passar godt inn i høve til EU sine prioriteringar (grøn giv og digital transformasjon), og UiS har arbeidd godt med å mobilisere forskingsmiljøa. I januar 2021 leverte UiS sju søknader til Green Deal- utlysinga innanfor Horisont 2020, og har i løpet av året delteke i 56 søknader til Horisont Europe og andre tilknytte program (ERA- Net, JPI etc.). Av søknadene til Horisont Europa var 28 innan Excellent Science-pilaren (ERC og MSCA), og dei fleste av desse søknadene (19) var innan MSCA postdoctoral fellowships.

UiS har i løpet av 2021 arbeidd vidare med ein handlingsplan for bidrags- og oppdragsfinansiert aktivitet. Dette arbeidet skal styrkje framtidig uttøling innan ekstern finansiering. Fakulteta ved UiS har også i løpet av 2021 utarbeidd eigne handlingsplanar i tilknytning til den overordna strategien ved UiS. Måleparametrar for oppfølging av Strategi 2030 er også utvikla, og deltaking i Horisont Europa står sentralt i denne.

Horisont Europa og vidare satsing

UiS vedtok, i forkant av det nye rammeprogrammet, ein eigen plan for mobilisering og fagleg forankring for Horisont Europa. Denne planen inneheld tre hovudpunkt, i tillegg til nokre andre initiativ og prioriterte samarbeid:

1. Mobilisering, posisjonering og påverknad inn mot Horisont Europa.

Mykje av arbeidet er knytt til vår deltaking i dei nasjonale referansegruppene (UiS deltek i til saman fem referansegrupper), og deltaking i forskingsrådsfinansierte prosjekt om koordinert norsk deltaking på EU-arenaen. UiS har delteke i to slike prosjekt; Positioning Ocean in Horizon Europe (NOAH-NMU) og Horizon Europe Norwegian Urban Partnership (HEU NUP).

2. Fagleg forankring av rammeprogrammet og arbeidsprogram (fagleg mobilisering)

Fakulteta har gjennomgått Horizon Europe Strategic Plan (2021–2024) for å sjå korleis prioriteringane deira passar opp mot EU sine. Det blei samstundes gjort ein analyse av *Cluster, Missions og Partnerships* som er mest aktuelle. Posisjoneringskoordinatorane har ei viktig rolle. Denne ordninga har fungert i fleire år, men er forsterka ved inngangen til det nye programmet. Vi ser ein klar positiv effekt av at forskarar blir frikjøpte og får ansvar for å følge opp moglegheiter for det aktuelle fagmiljøet inn mot Horisont Europa. Samarbeid på tvers av fakulteta er òg viktig, til dømes i forskingsnettverk og senter. UiS jobbar vidare strategisk med regionale aktørar innan offentleg sektor og industri/klynger.

3. Førebuing- og vidareutvikling av støtteapparatet

Hovudansvaret for Horisont Europa ligg hos forskingsavdelinga, men det er tett samarbeid med innovasjonsavdelinga og støtteapparatet ved fakulteta. Det er viktig at organisasjonen har god kunnskap om krava i det nye rammeprogrammet, og heile tida vidareutviklar den søknads- og prosjektstøtta som Horisont Europa krev.

UiS har utvikla egne støtteprogram for MSCA Doctoral networks og Postdoctoral Fellowships, noko som har gjeve gode resultat. Vi har også utvikla eit eige støtteprogram for ERC, og håper det også vil gje gode resultat på sikt. UiS samarbeider godt med NCP-apparatet (nasjonale kontaktpersonar i Horisont Europa) når det gjeld desse støtteprogramma og generelt kring arbeidet med auka deltaking i Horisont Europa. Prosjektetableringsstøtta er også viktig for mange av dei initiativa og satsingane vi har innan HEU. Her kan nemnast støtte til ordninga med posisjoneringskoordinatorar, involvering av søknadskonsulentar (gjennom inngåtte rammeavtalar) og strategisk posisjonering og deltaking i Europeiske nettverk.

Synergjar Horisont Europa og Erasmus+

Allereie i mai 2020 arrangerte UiS eit felles leiarseminar om «Green Deal», og om påverknaden dette ville få innanfor Horisont Europa og Erasmus+. UiS er også medlem i European Consortium of Innovative Universities (ECIU), og dette nettverket fekk innvilga eit av dei fyrste europeiske universitetsalliansar som blei finansiert gjennom Erasmus. Dette prosjektet, ECIU University, og ECIU-samarbeidet er særskilt viktig for UiS. I tilknytning til universitetsalliansen som var finansiert av Erasmus, så har det også vore finansiert ulike aktiviteter tilknytt dette initiativet gjennom Horisont 2020 og Horisont Europa. UiS deltek i to prosjekt finansiert av rammeprogrammet for forskning og innovasjon og som har som mål om styrkje forskings- og innovasjonsaktivitetar i tilknytning til ECIU University. Dette er ECIU University Research Institute for Smart European Regions (SMART-er) og Boosting Innovation and Entrepreneurship through European Universities (BOOGIE-U).

Mobilisering i regionen

UiS er leiar for EU-nettverket Horisont Rogaland. Dette nettverket er finansiert av Forskningsrådet og Innovasjon Noreg, og skal bidra til auka mobilisering og uttelling i regionen innan Horisont Europa. UiS har gode erfaringar med dette samarbeidet, og det bidrar til auka samarbeid i regionen. Klyngene (industri) i regionen er viktige aktørar. HEU skal også bidra til å løyse store samfunnsutfordringar, noko som føreset

ei brei deltaking frå ulike typar aktørar og brukarar av FoU, inkludert regionar, kommunar og offentleg sektor. Missions-satsingane krev at regionar og byar tek sentrale roller i gjennomføringa. UiS har teke initiativ til ei regional mobilisering og samordning for å sikre at heile regionen bidrar til å løfte Stavanger til å vinne fram som ein av 100 klimanøytrale byar i Europa. Eit eige sekretariat (task force) blei difor oppretta for å støtte Stavanger sin søknadsprosess ved å samle aktørane og samordne Stavanger sin ambisjon om å bli ein av Europas 100 klimanøytrale byar innan 2030 i Mission Climate Neutral and Smart Cities. Arbeid med Missions og europeiske partnerskap er difor sentralt i samhandling med regionen. Både EU-nettverket Horisont Rogaland og relevante forskingsnettverk (smartby) ved UiS er sentrale i arbeidet.

3.2.3 Innovasjon og samfunn

I 2021 jobba UiS med å raffinere og forbetre funksjonalitet på nye www.uis.no basert på statistikk og analyse. Dei fem tidlegare nettstadene til UiS som no er samla under ein felles UiS.no-paraply, hadde i 2020 eit samla besøkstal på 5 771 421. I 2021 var besøkstalet 7 125 143, som er ein auke på 23,4 prosent.

Følgjarar i ulike sosiale medium steig med ti prosent til 105 935 i 2021. Frå midten av november har UiS også vore til stades i den sosiale kanalen TikTok, og hadde 780 følgjarar ved årsslutt.

UiS sine saker i forskning.no blei lese 178 000 gonger, og saker frå UiS-tilsette i Store norske leksikon blei lese 1 173 000 gonger. Det er ein nedgang for begge desse samanlikna med fjoråret.

Talet på medieoppslag i 2021 var 5 257, fordelt på 4 370 i norsk media (opp frå 3 700 i 2020) og 887 internasjonale oppslag. Dei strategiske satsingsområda blir prioriterte i formidlinga; til dømes lansering av nytt batteristudium ved UiS og kontinuerleg omtale av UiS sin nye studiemodell for medisinstudium. Det blei sendt ut 11 nyheitsbrev i 2021 til 2 289 abonnentar, som på denne måten får dei siste store nyheitene våre innan utdanning, forskning, innovasjon og arbeidsliv.

UiS sin indeks for digital synlegheit er revidert for å samsvare med medieutviklinga. Dermed starta ein ny periode for å måle digital synlegheit i 2021, som skal gå fram til 2025. 2021-tala for eksterne kanalar i indeksen er startpunktet for denne perioden, og neste år vil indeksen vise den vidare utviklinga av UiS sitt digitale nærvære.

Tema for Forskingsdagane 2021 var Fred og konflikt. Koronapandemien sette sitt preg på festivalen, og dei fleste arrangementa hadde både eit fysisk og digitalt tilbod. Alle UiS-arrangement var fullteikna, og dei fleste blei også strøymde. I tillegg til dei tradisjonelle arrangementa blei det laga to filmar til Forskingsrådet sin programserie «På labben», begge frå Arkeologisk museum.

Under arrangementet Litteraturens kraft i miljøkrise under Forskingsdagane på Universitetsbiblioteket fekk forfattern Maja Lunde tildelt Rachel Carson-prisen 2021. Etter prisoverrekkinga samtala Lunde med Dolly Jørgensen, professor i miljøhistorie ved UiS, om krafta skjønnlitteratur og kunst har til å få fram nye perspektiv kring omstilling.

Formålet med UiS alumni er å skape livslang kontakt og nettverk mellom tidlegare studentar, og at dette skal gjere UiS til eit endå meir oppe universitet og skape rom for samarbeid. Nettverket har 12 000 medlemmar. TN-fakultetet og Handelshøgskolen ved UiS er med og vidareutviklar Alumniportalen for å gje medlemmane meir verdi.

1 111 oppgåveforslag for bachelor- og masteroppgåver blei registrerte i Samarbeidsportalen, ein auke på ti prosent. Via samarbeid.uis.no kan studentar, vitskapleg tilsette og eksterne verksemder registrere oppgåveforslag. Av totalt 761 oppgåveforslag som blei tildelt, blei 145 bachelor- og masteroppgåver (19 prosent) skrivne i samarbeid med eksterne verksemder.

Lyspæren ved UiS er eit sambruksareal for innovasjon, entreprenørskap og berekraft, og i 2021 er dette utvikla til å bli ein myldreplass for studentar, tilsette ved UiS og eksterne aktørar, der vi legg til rette for kreativitet og samhandling på tvers. Det finst no fleire gode initiativ



Forfatter Maja Lunde ble tildelt Rachel Carson-prisen.

Foto: Marie von Krogh

som held til her, blant andre berekraftsorganisasjonen Spire Stavanger, Studentavisen SmiS og UiSI e-sport.

Studentinkubatoren LevelUp har saman med Start UiS arrangert idékonkurransar og faste samlingar for studentane, for å skape eit gründer-miljø på UiS. I tillegg har LevelUp lagt til rette for ei rekke aktivitetar med mål om å stimulere studententreprenørskap, blant anna hackathon i samarbeid med eksterne partnarar. Eit nytt e-sportinitiativ har fått støtte frå Stavanger kommune, og dette skal koplast saman med utdanning, framtidens kompetansar, innovasjon og læring.

Gjennom InGenious-programmet melde eksterne verksemder inn 32 utfordringar, og hundre studentar frå 25 land jobba med desse som ein del av studieprogram, med 10 studiepoeng. Norske og internasjonale studentar var representerte i kvart team. Slik har vi skapt synergjar mellom universitetet og næringslivet, og gjeve studentar erfaring og kunnskap om innovasjon, berekraft og entreprenørskap, og vist dei karriereutsikter. Næringslivet har fått tilgang til ny kunnskap for meir innovativ drift og utvikling.

I 2021 formidla vi etableringa av ECIU University til studentar og omgjevnadene. Ein kampanje rekrutterte studentar til å løse utfordringar frå eksterne partnarar. Over 100 UiS-studentar har registrert seg på ECIU University.

Våren 2021 deltok studentar, tilsette og eksterne på eit opplegg der målet var å løse samfunnsmessige



Vinnerlaget av *Future Energy and Autonomy Hack 2021*.

Foto: Leiv Gunnar Lie

utfordringar knytt til mental og fysisk helse. Haustens hackathon på energi og autonomi var eit samarbeid mellom Smartby-forskningsnettverket, UiS Lyspæren, Ingenious-programmet, Future Energy Hub, ECIU og Nordic Edge. 40 studentar frå ulike studieprogram jobba ei helg med utfordringar frå næringslivet. Arrangementet var ein stor suksess og skal vidareførast.

UiS er medarrangør for Stavanger sitt 900-årsjubileum i 2025, med innverknad på kva jubileumsåret skal innehalde. Samarbeidet vil løfte aktuelle problemstillingar rundt omstilling for å møte framtidens utfordringar, og skal utvikle Stavanger vidare som studentby. Jubileumsarbeidet skaper grunnlag for gode møteplassar for meiningbryting, kunnskapsdeling og kunstnarisk utvikling.

Tema for haustens opne seminar i Verdiskapingsforum var «UiS og næringslivet saman for grøn omstilling». Engasjerte deltakarar fekk innsikt i eit mangfald av energiressursar, og forskarar frå UiS formidla korleis vi bidrar til omstillinga i samfunnet.

UiS leverte 55 nye forretningsidear frå forskarar til Validé i 2021. Validé er kjend med ytterlegare 27 idear, som sprang ut frå innovasjonskurset for ph.d. og samtalar med forskarar. Det blei levert fire patentsøknader med utspring frå UiS, det er inngått to lisensavtalar og ei bedrift er etablert. Forskningsbaserte selskap knytte til Validé TTO henta inn 258 millionar kroner i 2021, og fleire investorar har meldt interesse. Blant desse er studentbedrifter og selskap som bidrar til grøn omstilling.

UiS bidrog med to diskusjonsmøte i samarbeid med Norsk klimastiftelse i 2021. I Solenergirevolusjonen og oljelandet stilte representantar frå bransjen saman med solforskarane Harald N. Røstvik og Hassan Gholami, som formidla lønnsenda i bygningsintegreerte solcellepanel. I Klimaomstilling i oljelandet deltok direktør for CICERO Kristin Halvorsen saman med rektor og forskarar. Begge diskusjonane var fullteikna, og blei i tillegg strøymde i Klimastiftelsens og våre kanalar.

Å identifisere årsakene til kvifor omstillinga tek så lang tid, blei drøfta under arrangementet The Sunshine Revolution – filmvisning og samtale mellom Morten Harket og Harald N. Røstvik. Klima- og naturkampen blei sett i eit miljøhistorisk perspektiv med filmvisning og samtale om klima- og miljøengasjement frå åttitalet og fram til i dag. Eit opptak av arrangementet er per februar 2022 sett 16 800 gonger på UiS sin YouTube-kanal.

Gjennom innlegg, samtalar og kunstnariske innslag sette Bjergsted-konferansen 2021 søkjelyset på kunst, kultur og samfunn. Deltakarane fekk eit verdifullt overblikk over kunsten og kulturens koplingar i samfunnet, og kunsten sin plass i utdanninga og i eit byutviklingsperspektiv.

NettOp har ansvaret ved UiS for etablering av «Nye Kunnskapskanalen». Etter ein lengre forstudie inngjekk UiS i 2021 eit formelt samarbeid i eit treårig prosjekt med UiB, UiT og HVL om utvikling og etablering av ei open strøymeteneste for video- og lydprodprogram frå norsk UH- og forskingssektor til eit breitt publikum.

I 2021 hadde UiS dekt heile finansieringsbehovet for oppstartsfinansiering til medisinstudiet ved UiS, med 40 millionar frå Sparebankstiftelsen SR-Bank, 10 millionar frå Folke Hermansen AS, 24 millionar kroner frå Ulla-Førrefondet og 10 millionar kroner frå Universitetsfondet AS.

Både arbeidet for medisinstudium og etablering av profesjonsstudium i psykologi har stor oppslutnad i regionen, og blir styrkt av fruktbare samarbeid med ulike fagmiljø.

PRISAR TIL TILSETTE VED UNIVERSITETET I STAVANGER

Lyse sin forskingspris

UiS-professor Eirik Bjorheim Abrahamsen blei tildelt Lyse sin forskingspris for 2020 for forskning innan økonomisk analyse i risikostyring.

SpareBank 1 SR-Bank sin innovasjonspris

Innovasjonsprisen for 2020 gjekk til Vinay Setty, førsteamanuensis ved UiS. Han har utvikla ein programvare som identifiserer nyheiter som ikkje er sanne eller manglar truverde.

Universitetsfondet sin pris for formidling og samfunnsengasjement

Prisen blei delt ut for første gong i 2021 - Statsvitar og samfunnsdebattant Svein Erik Tuastad fekk Universitetsfondet sin pris for formidling og samfunnsengasjement for 2020. Han har markert seg som ein framifrå formidlar og debattant både i media og på andre arenaer.

Utdannings- og læringsmiljøprisen

Studiekoordinatorane Hanne Elise Pollack og Kjersti Gjedrem blei heidra med denne prisen i 2021. Dei fekk prisen fordi dei skaper gunstige tilhøve for eit godt læringsmiljø i grunnskulelærarutdanningane.

Æresdoktor for energi og omstilling

Ved årsfesten for Universitetet i Stavanger fredag 29. oktober 2021 blei eit nytt æresdoktorat tildelt Fatih Birol, som til dagleg er administrerande direktør for Det internasjonale energibyrådet (International Energy Agency; IEA) i Paris. Rektor Klaus Mohn uttrykte stoltheit og glede over at ein slik kapasitet no er knytt til UiS, og ser fram til eit tettare fagleg samarbeid både med Birol og med IEA.



Forskningspris til professor i risikostyring | Universitetet i Stavanger (uis.no) Foto: Mari Løvås



Pris for teknologi som flagger falske nyheter | Universitetet i Stavanger (uis.no) Foto: Mari Løvås



Svein Erik Tuastad får pris for formidling og samfunnsengasjement | Universitetet i Stavanger (uis.no) Foto: Mari Løvås



Studiekoordinatorar får pris for godt læringsmiljø | Universitetet i Stavanger (uis.no) Foto: Mari Løvås



Æresdoktor for energi og omstilling | Universitetet i Stavanger (uis.no) Foto: Mari Løvås

3.2.5 Organisasjon og infrastruktur

Organisasjons- og kompetanseutvikling

UiS arbeider kontinuerleg med å utvikle organisasjonen. I løpet av 2021 er det arbeidd fram fleire sentrale planar og prosessar for å sikre ei best mogleg verksemdsstyring slik at UiS skal oppnå dei store ambisjonane om omstilling og fagleg styrking som ligg i den nye strategien i åra som kjem.

Styret vedtok ny UiS-strategi hausten 2020. I 2021 har styret vedteke ein 4-årig institusjonell handlingsplan med tiltak, måleparameter og måltal for å følge opp dei seks satsingsområda i strategien. Denne skal rullerast kvart år. Samstundes har kvart fakultet i 2021 utvikla tilsvarande 4-årige handlingsplanar for ytterlegare å sikre at ambisjonar, mål og tiltak blir følgde opp på fakultetsnivå.

For å følge opp campusutviklingsplanen, og for å sikre ei heilskapleg prioritering av midlar til dette, er dei utarbeidd ein eigen langsiktig investeringsplan for bygg og infrastruktur. Likeins er det utarbeidd ein heilskapleg plan for digitalisering. Begge desse planane blei styrebehandla i 2021, og begge skal årleg rullerast som ein del av rullert tiårig langtidsbudsjett.

For ytterlegare å styrkje verksemdsstyringa vil det i 2022 bli nedsett fleire viktige prosjekt. Det skal m.a. utviklast ein strategisk bemannings- og kompetanseplan, og det er allereie nedsett eit prosjekt som skal følge opp KD sin Strategi for digital omstilling. Vidare blir det nedsett eit større prosjekt for å sikre eit endå betre verksemds-/kvalitetssystem. Prosjektet skal fremme anbefalingar om innhald og teknisk løysing.

Portaltenesta UiS Innsikt er ytterlegare vidareutvikla i 2021 for å gje informasjon om arbeidet med styring og utvikling av verksemda og studieprogramma. Portalen er gjort tilgjengeleg for alle tilsette på UiS sine intranettsider og gjev tilgang til statistikk, nøkkeltal og nyttig informasjon om verksemda og studieprogramma, både for UiS og for andre institusjonar i sektoren. Per i dag er områda verksemdstyring, HR, økonomi, forskning, utdanning og miljøstatistikk etablert i UiS Innsikt.

UiS deltok i 2021 i piloteringa av den såkalla TOA-portalen (tilsetjing og arbeidskontrakt), som DFØ har utvikla i samarbeid med BOTT-institusjonane. Løysinga blei i løpet av året teken i bruk ved fellestenestene og ved Det teknisk-naturvitenskaplege fakultet, for alle grupper av oppdragstakarar og timelønte arbeidstakarar, og også for andre tilsetjingsforhold av avgrensa lengd og omfang.

I tillegg vedtok UiS å ta i bruk chat-bot'en «HR-Henry» frå Compendia, på HR-området. Sjølv implementeringa vil skje i løpet av 2022.

Talet på tilsette var 1 935 i 2020 og 2 229 i 2021. Talet på årsverk var 1 611 i 2020 og 1 771 i 2021. Dette viser at det er ein betydeleg auke i talet på tilsette frå 2020 til 2021, noko som i hovudsak kjem av forseinkingar i planlagde tilsetjingar som følge av covid-19-pandemien, auke i BOA-aktivitet og tilsetjing av studentassistentar som eit tiltak for å styrkje studiekvaliteten.

Det blei i 2021 sett i gang eit arbeid med omorganisering av delar av den faglege verksemda ved Fakultet for utdanning og humaniora. Bakgrunnen for arbeidet er fyrst og fremst at enkelte institutt har blitt veldig store (opp mot 100 tilsette), noko som gjev eit for stort leiarspenn for instituttleiarane. Arbeidet vil fortsetje gjennom 2022, med verknadsdato frå og med 2023.

Medarbeidarundersøkinga

I 2021 blei medarbeidarundersøkinga gjennomført for sjuande gong. Hovudformålet med denne er å kartlegge arbeidsmiljø og jobbtrivsel blant tilsette ved UiS, og legge til rette for ulike utviklingstiltak knytt til organisasjon, leiging og arbeidsmiljø. Undersøkinga har blitt gjennomført annakvart år sidan 2009. Svarprosenten var heile 88 prosent, som blir vurdert som svært tilfredsstillande.

Som ved tidlegare medarbeidarundersøkingar viser årets undersøking at dei aller fleste tilsette på dei fleste områda opplever universitetet som ein arbeidsplass med eit godt arbeidsmiljø. 80 prosent rapporterer at dei som oftast gler seg til å gå på jobb. Nesten like mange rapporterte at dei får jobbe med krevjande, men meiningsfulle

oppgåver. Samla sett er dei tilsette meir nøgde med både personalleiar og overordna leing. Også tala for mobbing og seksuell trakassering viser ei positiv utvikling. Den siste undersøkinga inkluderte også eit heilt nytt spørsmålsbatteri om observert diskriminering, jf. pkt. 4.2.5.

Dei gjennomgåande goda resultatata, og den positive utviklinga sidan starten i 2009, kjem av eit målmedvite, systematisk og kontinuerleg arbeid med oppfølging av undersøkingane, forbetring av arbeidsforholda, leiarrekruttering (mellom anna tilsetjing i staden for val av faglege leiarar) og ikkje minst leiarutvikling.

Undersøkinga blei gjennomført i mars 2021, eitt år inn i pandemien. Difor blei det denne gongen også lagt inn ein del spørsmål knytt til pandemien og korleis denne har påverka arbeidsmengd, arbeidsglede osv. Det kjem fram i undersøkinga at undervisarane våre har hatt meir krevjande arbeidsvilkår under pandemien, og at det har vore ei bratt læringskurve å gå over til digital undervisning, og at hybrid undervisning har vore krevjande og stressande. Knappt to tredelar av dei tilsette rapporterte at heimekontor har fungert heilt greitt, sjølv om halvparten saknar det sosiale miljøet og 43 prosent saknar det faglege arbeidsmiljøet på campus.

Leiarutvikling

UiS har utvikla eit program for opplæring og utvikling av leiarar. Programmet omfattar alle nivå frå rektor til kontorsjefar/seksjonsleiarar. *Leiaropplæringa* er retta mot både eksisterande og nye leiarar. Målsetjinga er å gje opplæring i arbeidsgjevarrolla, verksemdsstyring, organisasjonsforståing, lov- og regelverk, og viktige rutinar og prosedyrar. *Leiarutviklingsprogrammet* består av ein individorientert og ein gruppebasert del. Den individbaserte delen er i hovudsak organisert som samlingar, og består av tre modular; utdanningsleing, forskings-, utviklings- og innovasjonsleing og personalleing.

Utviklingssamtalar

I samheng med arbeidet med ein heilskapleg karrieropolitikk ved UiS, blei rammene for utviklingssamtalen vidareutvikla i 2021, gjennom eigne retningslinjer og

malverk. Ein individuell karriereplan er no integrert i utviklingssamtalen, som òg er tilpassa ulike grupper av tilsette. Utviklingssamtalen med individuell karriereplan vil vere eit viktig verktøy for å sikre ein struktur for kompetanse- og karriereutvikling for den einskilde tilsette, og for å sikre at utviklinga er i tråd med universitetet sine strategiske ambisjonar og mål.

Lærningar

UIS har store ambisjonar for utdanning av lærningar. Difor er talet på lærningar dobla frå seks i 2020 til 12 ved utgangen av 2021. Lærningane er fordelt på fem ulike fagområde, der drygt halvparten er på kontorfaget. 10 av lærningane er fordelt på dei tre største fakulteta, og dei to andre i Divisjon for organisasjon og infrastruktur.

Nasjonale styringsparametrar organisasjon og infrastruktur

Talet på kvinner i dosent- og professorstillingar auka i 2021 til 37,1 prosent, som var opp frå 35,58 prosent året før, og opp 17 prosentpoeng i løpet av dei 10 siste åra. Talet er også ein god del høgare enn gjennomsnittet for statlege verksemdar. Også denne siste positive utviklinga må delvis tilskrivas prosjektet «Kvinner til topps». Det tidlegare NFR-finansierte prosjektet, har frå 2019 vore finansiert internt og hadde i 2021 i alt 20 deltakarar som er forventa å søkje opprykk etter fullført prosjekt i 2022.

Talet på mellombels tilsette i undervisnings- og forskarstillingar auka svakt igjen frå 11,21 prosent i 2020 til 12,21 i 2021, etter mange år med nedgang. Nedgangen gjennom fleire år kjem av eit målmedvite arbeid med sikte på å redusere mellombelse tilsetjingar, blant anna gjennom ein eigen handlingsplan vedteken i 2020. Den svake oppgangen i 2021 er nok fyrst og fremst av teknisk karakter, fordi studentassistentar frå 2021 har blitt tilsett på månadslønn i staden for på timelønn. Dermed dukkar desse no opp som mellombelse i statistikken. Men sjølv med denne «tekniske» auken, ligg UiS framleis lågare enn gjennomsnittet.

Bland tiltaka gjennomførte i 2021, med sikte på å av- grense talet på mellombelse tilsetjingar, er:

- Krav til einingane om at dei set realistiske mål for reduksjon i talet på mellombels tilsette, og forventningar om konkrete tiltak for måloppnåing.
- Krav om langsiktige bemanningsplanar som vil kunne hjelpe til med å redusere talet på mellombels tilsette.
- Kvalitetssikring av arbeidsavtalar med omsyn til heilmeil for mellombels tilsetjing, før avtale blir inngått.
- Gjennomgang av avtalar med tilsette i tidsavgrensa stilling og vikariat for å sikre at desse er i samsvar med lovverket om mellombels tilsetjing.

- Stadfesting av eit institusjonelt prinsipp om at forskarar som skal vareta eksternt finansierte prosjekt med ei varigheit på meir enn to år, normalt skal tilsetjast fast med krav om sjølv å skaffe finansiering som grunnlag for vidare tilsetjing.
- Nytt permisjonsreglement (under arbeid), som mellom anna vil avgrense moglegheitene for permisjon for å gå over i anna stilling (gjeld ikkje tilsetjing på åremål i leiarstilling).
- Årleg opplæring for nye leiarar om mellombels tilsetjing og vilkår for oppseiing.

3.2.6 Nasjonale styringsparametrar (tabell)

	2019	2020	2021	Gj.snitt stat- lege 2021
Høg kvalitet i utdanning og forskning				
delen studentar på bachelor utd. som gjennomfører på normert tid	48,1	45,4	49,2	53,5
delen studentar på master utd. som gjennomfører på normert tid	52,7	45,1	54,4	56,3
delen ph.d.-kandidatar som gjennomfører innan seks år	57,8	75	67,9	67,9
skår på korleis studentane oppfattar studiekvaliteten	3,8	3,7	3,9	4,0
fagleg tidsbruk (timar) per veke blant heiltidsstudentar	34,1	34,3	33,7	34,3
tal på publikasjonspoeng per fagleg årsverk	1,36	1,36	1,28	
verdien av Horisont 2020-kontraktar per FoU-årsverk	7 033	4 110	1 158	-
del utreisande utvekslingsstudentar på Erasmus+ av total del stud.	1,01	0,24	1,33	0,8
Forskning og utdanning for velferd, verdiskaping og omstilling				
del mastergradskandidatar sysselsett i relevant arbeid eit halvt år etter fullført utdanning	80,6	-		-
bidragsinntekter frå Forskingsrådet per fagleg årsverk	87	67,3	90	165,1
andre bidrags- og oppdragsinntekter per fagleg årsverk	135	155,4	167,5	165,8
del forskingsinnsats i MNT-fag	28	-		-
God tilgang til utdanning				
kandidattal på helse- og lærarutdanningane	737	768	628	-
Effektiv, mangfaldig og solid høgare utdanningssektor og forskingssystem				
tal på studiepoeng per fagleg årsverk	469,7	503,7	443,4	427
del kvinner i dosent- og professorstillingar	34,4	35,6	37,1	34,5
del mellombels tilsette i undervisnings- og forskarstillingar	13,8	11,2	12,2	12,9

3.3 SAMFUNNS- OG EFFEKTMÅL FOR BYGGE-PROSJEKT

Ikkje aktuelt for UiS.

3.4 ANNA RAPPORTERING

Midlar til oppgradering av forskings- og læringsareal (Kap 275, post 45)

UiS har vedteke ein ambisiøs strategi fram mot 2030. Campusutvikling og kostnader knytte til bygg-, eigedom- og infrastrukturtiltak er vesentlege faktorar i den-

ne samanhengen. For å sikre gode grunnlag for prioritering, vedtak og gjennomføring av prosjekt, godkjende styret i mars 2021 fyrste fase i ein langsiktig, institusjonell investeringsplan for bygg og infrastruktur. Planen er delt inn i fem hovud-område med tette koplingar til overordna campusutviklingsplan og langtidsbudsjett for universitetet.

UiS søkte i 2021 om midlar til i alt ni arealutviklings-tiltak innanfor hovudområda² i investeringsplanen, og fekk tilslag på følgande fire prosjekt:

Prosjekt	Område	Kostnadsramme	Tildeling frå KD	Kostnader 2021
Oppgradering av førelesingssalar	Undervisning og forskning	4 000 000	2 000 000	0
Kognitiv lab	Undervisning og forskning	4 650 000	2 000 000	232 500
Undervisnings- og grupperom	Undervisning og forskning	5 600 000	2 000 000	361 000
Oppstart bygolvprosjekt	Bygolv	11 900 000	2 000 000	971 000
Total kostnad		26 150 000	8 000 000	1 564 500

Felles for prosjekta er at dei er i tråd med vedteken campusutviklingsplan, og i særleg grad medverkar til vidareutvikling av eit framtidretta og berekraftig campus, styrker kjerneaktiviteten og bidrar positivt til lærings- og studentmiljøet ved universitetet. Som ein ser av oversikta ovanfor, vil gjennomføringsfasen for prosjekta i det alt vesentlege vere 2022. Det har, både som følge av korona-pandemien, men òg knytt til ressursituasjonen internt på UiS og hos Statsbygg, vore krevjande å halde framdrifta i samsvar med opphavslege planar. I 2021 reflekterer ein difor berre kostnader knytte til mogleghetsstudie, utgreiing og prosjektering i tre av prosjekta. Det kan opplystast at ein frå januar 2022 styrker ressursbruken internt inn mot bygg- og arealforvaltning. Ein har òg sett ein sterk auke på materialkostnader det siste året, noko som har gjort det naudsynt å gå gjennom prosjekta på nytt for å avklare omfang og innretning. Innhaldet i dei fire prosjekta kan kort beskrivast som følger:

- i. Oppgradering av førelesingssalar i Arne Rettedals hus og Kjølvs Egelands hus

- ii. Styrking av infrastrukturen for kognitiv lab (kognisjons-, åtferds- og nevroforskning) i Ellen og Axel Lunds hus
- iii. Oppgradering av undervisningsrom og læringsareal i Hulda Garborgs hus
- iv. Tilrettelegging for fleirbruk av areal i Hagbart Linehuset, der kafé- eller kantinedrift blir kombinert med areal for studentaktiv læring, gruppearbeid, individuelle studium, skaparverkstad og sosiale møteplassar

Til det siste prosjektet vil ein gjere merksam på at dette markerer starten på bygolvetableringa, og vil vere det fyrste området ein utviklar heilt ferdig. Det er òg sett av midlar til ei parallell opparbeiding av tomt/uteområde. Bygolvetableringa skjer i tett samarbeid med Statsbygg som samstundes oppgraderer det tekniske anlegget i den aktuelle delen av bygget. Dette gjev eit meir energieffektivt bygg og betre inneklima for studentar og tilsette. Forventa ferdigstilling av samla prosjekt er mai 2023.

² **Undervisning og forskning** – areal til kjerneverksemda, medrekna læringsmiljø og studentformål.
Bygolv- tilrettelegging av fyrste etasjen i bygga og uteareal langs UiS-aksen for studentar, tilsette og nærmiljø

UiS fekk vidare (i 2020) 1,5 millionar kroner til oppgradering/ombygging av Arne Rettedals hus og 2,8 millionar kroner til oppgradering/ombygging av Kitty Kjellands hus. Begge prosjekta er knytte til bygolv, og kombinerer fortetting av areal til tilsette (dobling frå 27 til 54 arbeidsplassar) med frigjerung av areal til studentar. Det blei gjort ei undervegsrapportering i årsrapporten for 2020, og UiS kan no rapportere at prosjektet i Arne Rettedals hus var ferdig ved utgangen av 2021 og at areal i Kitty Kjellands hus er innflyttingsklare i veke 7 i 2022. Begge prosjekta blei vesentleg dyrare enn berekna, både som følge av auka materialprisar, men òg Statsbygg sin prosjektmodell som opplevest som for kompleks og fordyrande i mindre byggeprosjekt.

Midlar til pandemiltak for studentar i 2021 (Kap. 260, post 50 og 70)

Koronapandemien har påverka studentane sin faglege og sosiale studiekvardag betydeleg, og universitet og høgskolar blei i 2021 tildelt midlar til fagleg oppfølging av studentane, fortrinnsvis gjennom bruk av studentassistentar. Departementet føresette at midlane blei brukte innan utgangen av året.

UiS fekk i mars ei løyving på 6,2 millionar kroner til formålet. I intern dialog med fakulteta og sentrale støt-tefunksjonar, valde ein å ha særleg fokus på tiltak som sikrar godt læringsutbytte, læringsmiljø og studieprogresjon saman med tiltak som kunne svare ut tilbakemeldingar i studiebarometeret, studentevalueringar og SHoT-undersøkinga. Det blei arbeidd aktivt med planar og iverksetjing av tiltak, men det var òg heile tida ei erkjenning av at vedvarande koronakonsekvensar for den faglege verksemda og forsterka restriksjonar i heile vårsemesteret, ville medføre at hovudvekta av planlagde tiltak fyrst vil kunne få effekt frå hausten av. Ein prioriterte likevel å kome raskt i gang med naudsynte tilsetjingsprosessar og anna tilrettelegging av utdanningsaktivitetane.

Gjennom haustsemesteret nytta svært mange av utdanningane og studieprogramma ved UiS seg av ordningane med studentassistentar og mentorar. Det blei òg i vesentleg større grad lagt til rette for gruppearbeid og

bruk av kollokviegrupper/seminargrupper og kohortar i undervisninga, oppfølginga og rettleiinga av studentane. Studentane har gjeve gode tilbakemeldingar på at dei opplevde å bli sett og rettleia betre i mindre grupper. Det blei òg etablert interne opplæringsordningar for studentassistentar i regi av Uniped (eining for universitetspedagogikk). Universitetsbiblioteket har ei særleg rolle i tilrettelegginga av eit godt læringsmiljø både fagleg og sosialt, og hadde i haustsemesteret auka bemanna opningstid på kveldstid i vekedagar og i helger for å gje studentane tilgang til bibliotekteneste og leseplassar når dei trong det.

Det blei gjennomført fleire andre aktivitetar i løpet av hausten, der fakulteta fokuserte på behova innafor dei spesifikke studia. Ein la vekt på at studentane skulle oppleve å høyre til i ei gruppe og å skape gode og inkluderande faglege og sosiale møteplassar. Døme som kan nemnast, er «student-kaféar» innanfor sjukepleieutdanninga der oppgaveløysing var formålet, og der studentassistentar saman med faglærarar var sentrale i opplegget. Innanfor lærar-/lektorutdanningane blei det gjennom DDV (Digital Didaktisk Verkstad) lagt til rette for ulike faglege og sosiale tiltak, inkludert hackathon og bruk av «drop-in tid» i stolpetimar. Formålet har vore å sikre studentane god fagleg tilhøyrsløysing frå fyrste semester og at dei utviklar solid profesjonsfagleg digital kompetanse. Innanfor dei utøvande kunstfagutdanningane har etablering av praksisensemble i dirigentstudiet og kollokviegrupper i teori og gehørtrening innanfor utøvande musikk vore viktige tiltak.

Studentar «hacka» åtte løysingar for ei berekraftig framtid | Universitetet i Stavanger (uis.no)

Erfaringane med auka bruk av studentassistentar og mentorar er gode, med positive tilbakemeldingar frå både faglærarar, studentar og studentassistentar. Fakulteta har på si side vore klare på at det er trong for å fortsetje, og helst utvide ordningane og andre særskilde pandemiltak i 2022. Det var difor skuffande på slutten av året å få krav om å betale tilbake midlar som ikkje var brukte eller som det ikkje var gjort forpliktande avtaler for ved utgangen av året. UiS betalte som følge av

kravet frå departementet tilbake 1,8 millionar kroner av dei tildelte studentmidlane. UiS vil gje uttrykk for at ein opplevde dette som ei lite effektiv og ressurskrevjande løysing så lenge pandemisituasjonen eskalerte mot slutten av 2021 og ein hadde hatt ein forseinka oppstart av tiltaka. I tillegg hadde ein for lengst lagt planar for vidareføring og utviding av studentassistentsatsinga og andre faglege støtteordningar i vårsemesteret 2022. Moglegheit for vidareføring av ubrukne midlar hadde difor bidratt til meir føreseielege vilkår for aktivitetar i det komande året.

Midlar til Kunnskapssenter for utdanning (kap. 201, post 21)

Kunnskapssenter for utdanning (KSU) har hatt sitt andre, heile år ved UiS i 2021. I løpet av dette året er det skjedd fleire tilsetjingar, og ved slutten av året er fleire tilsetjingsprosessar i gang.

Senteret har ferdigstilt seks kunnskapsoversyn i ulike format og i tillegg fått anteke ein artikkel om det å gjere kunnskapsoppsummering.

Blant kunnskapsoversyna er det eitt oversyn over skandinavisk barnehageforskning for åra 2018 og 2019, som

er ein del av eit database-samarbeid mellom Danmark, Noreg og Sverige, og det er éi kartlegging av spesialpedagogisk forskning i Norden, som var ei oppgåve gjeven av KD i samband med nasjonale endringar i roller til StatPed og Utdanningsdirektoratet, i tillegg til oppretting av eit nytt senter for spesialpedagogisk forskning.

Senteret har òg søkt på og vunne i konkurransen om å skaffe eit kunnskapsgrunnlag om digitalisering i grunnsopplæring (arbeidet skal ferdigstillast i 2022).

I tillegg til kunnskapsoppsummeringar har senteret oppretta og driftar ein ny «Lærerutdanningsportal» i 2021, i eit samarbeid med UHR-LU, med intensjon om å styrkje forskingsbasert utvikling av lærarutdanningar i Noreg.


KSU har òg gjort 36 kunnskapsoversyn som er relevante for utdanningssektoren, tilgjengelege for brukarar gjennom å skrive abstrakt av desse på klarspråk, med lenkjer til originaltekstane. I 2021 tilbød KSU to ph.d.-kurs i systematisk oppsummering, og har rettleia forskargrupper nasjonalt. Vi viser til Årsrapport 2021 for KSU, som gjev ei meir utførleg oversikt over resultat frå 2021 og økonomi.



Åpning av Kunnskapssenter for utdanning.

Foto: Anja Kristin Bakken

IV. Styring og kontroll i verksemda



RAPPORTERING OM STYRING OG KONTROLL

UiS har etablert tilfredsstillande styring og kontroll i samsvar med Økonomireglementet §§ 4 og 14 og føresegner i pkt. 2.4 om intern kontroll.

1. Strategi 2030 omtalar UiS sine hovudoppgåver og mål, og er det overordna styringsdokumentet. Styret har i mars 2021 vedteke ein fireårig institusjonell handlingsplan (Handlingsplan 2024) for å følge opp ambisjonane i ny strategi. Handlingsplanen er rullert (blir rullert årleg) i desember 2021. Det vil bli gjort ei risikovurdering for å følge opp handlingsplanen våren 2022. Fakulteta har i 2021 samstundes utarbeidd eigne fireårige handlingsplanar for å støtte opp under den institusjonelle handlingsplanen. For å underbygge strategien godkjende styret i desember 2021 eit rullert langtidsbudsjett for perioden 2022–2031. Langtidsbudsjettet skal oppdaterast fortløpande og styrebehandlast i desember kvart år. UiS har i 2021 etablert institusjonelle planar for investering i bygg og infrastruktur, og for digitalisering. Begge planane er styrebehandla i løpet av fyrste halvår 2021.
2. UiS har etablert nettbasert tilgang til aktuelle lover og føresegner som gjeld for verksemda gjennom eigne handbøker på intranett: økonomihandbok, prosjekthandbok, medarbeidarhandbok, leiarhandbok og HMS-handbok.
3. Naudsynt opplæring og kurs er ein viktig del av styring og kontroll ved UiS, slik at arbeidstakarane har kunnskapen og ferdigheitene dei treng innanfor sine aktuelle fagfelt.
4. UiS vil i 2022 setje i gang eit prosjekt for å sikre eit meir heilskapleg verksemds-/kvalitetssystem for heile verksemda.
5. UiS har etablert risikostyringsverktøy på ulike nivå i verksemda.

Denne prosessen med tilhøyrande tiltak er sett i gang over dei siste åra, blant anna for å hjelpe leiinga med å handtere risiko i tråd med risikonivået det er semje om.

Universitetet si tilnærming bygger på anerkjende rammeverk for risikostyring, COSO-rammeverket, og arbeidet bygger på ei vurdering av vesentlege og kritiske

hendingar som kan påverke måloppnåing. Hendingane blir vurderte med tanke på kor sannsynleg det er at noko skal skje, og ut frå konsekvens, der svakheiter i kontrollsystema er identifiserte. Dette dannar grunnlag for å vurdere kvaliteten i det interne kontrollsystemet som er etablert, eventuelt kome med innspel til utvikling av nye nøkkelkontrollar og legge til rette for tiltak.

UiS har utvikla internkontrollsystemet ut i frå følgande komponentar:

- a) Kontrollmiljø
- b) Risikovurderingar
- c) Kontrollaktivitetar
- d) Informasjon og kommunikasjon
- e) Oppfølging

Desse komponentane skal støtte opp om verksemda sine mål om:

- a) Målretta og formålstenleg drift
- b) Påliteleg rapportering
- c) At lover og reglar blir overhaldne

UiS sin modell for internkontroll er per i dag ikkje uttømmande, men det blir arbeidd kontinuerleg med ytterlegare tilpassingar og forbetringar av prosessane. Internkontroll-løysingane ved UiS blir vurderte til å gje tilstrekkeleg og god forvaltningskvalitet i form av målretta og effektiv drift, påliteleg rapportering og at lover og reglar blir overhaldne. Internkontroll er ein kontinuerleg prosess ved verksemda og moglege avvik blir følgde opp. Internkontrollen i verksemda er dokumentert gjennom eigne handbøker på intranett: økonomihandbok, prosjekthandbok, medarbeidarhandbok, leiarhandbok og HMS-handbok med tilhøyrande rutinar og malverk.

Vi vurderer at det er behov for å styrkje opplegget for risikovurderingar ved UiS, særleg når det gjeld vurdering av strategisk risiko. I løpet av 2022 vil det bli gjennomført ei kartlegging av korleis det blir arbeidd med risikovurderingar på ulike nivå og einingar i verksemda, til grunn for vidareutvikling av opplegget.

Nytt delegasjonsreglement blei vedteke av styret våren 2019, og skal reviderast våren 2022. Delegasjonsregle-

mentet gjev oversikt over korleis avgjerdsmyndigheit er delegert frå rektor og vidare til nivå 2 i verksemda.

Operasjonell beredskapsleiing blei etablert tidleg i 2020, og har hatt overordna operasjonelt ansvar for handtering av covid-19-situasjonen på UiS sidan. Det er etablert lokal beredskapsleiing på kvart fakultet som handterer tilpassingar i drift og tek avgjerder på lokalt nivå, i tråd med prinsippet om tredelt kriseleiing. Det har ikkje vore spesielle hendingar, vesentlege forhold og vesentlege endringar eller særskilte tiltak på universitetet i 2021 knytte til ordinær drift utover covid-19-situasjonen.

Arbeidet med informasjonstryggleik blir leia av ansvarleg for informasjonstryggleik (ISA/CISO) og er basert på eit leiingssystem for informasjonstryggleik og personvern. Rådgeving og tilsyn med personvern blir teke hand om av personvernombodet.

UiS har ingen vesentlege merknader frå Riksrevisjonen i Dokument 1 til oppfølging. Vurderinga vår er at verksemda har tilstrekkeleg kapasitet og kompetanse til å gjennomføre den administrative forvaltninga med tilstrekkeleg kvalitet.

Oppfølging av digitaliseringsstrategien for universitets- og høgskulesektoren

UiS har sett i verk ei utgreiing for oppfølging av m.a. KD sin strategi for digital omstilling. Utgreiingsgruppa skal rapportere til styret i junimøtet 2022. Utgreiingsgruppa har følgande mandat:

- velje ut relevante tema for UiS frå KD sin strategi for digital omstilling
- beskrive viktige læringspunkt frå bruk av digital undervisning under pandemiperioden
- beskrive bruk og betydning av digitale fellessystem innan utdanning, forskning og administrasjon i UH sektoren
- vurdere nye digitale arbeidsmåtar, system og teknologiar for UiS
- foreslå og prioritere nye tiltak inn i UiS sin digitaliseringsplan og institusjonelle handlingsplan

- foreslå gode prosessar for tilsette sin medverknad ved utvikling og innføring av nye digitale system
- vurdere moglege konsekvensar som digital omstilling vil ha for utvikling av UiS som organisasjon

UiS har utarbeidd ein institusjonell digitaliseringsplan (porteføljestyring), der tilrådingar frå utgreiingsgruppa vil bli innarbeidd. Det er avsett midlar i langtidsbudsjettet til den institusjonelle digitaliseringsplanen.

SAMFUNNSSIKKERHEIT OG BEREDSKAP (SOB) OG SIKKERHEIT ETTER SIKKERHEITSLOVA

UiS reviderte ROS-analysen sin i 2021 og områda som blei identifiserte til å ha høgast risiko for verksemda, er lista opp under:

- Sikkerheit: Omkomen, skadd, truga eller sakna student/tilsett i utlandet
- Sikkerheit: Informasjonssikkerheit og ulovleg kunnskapsoverføring
- Sikkerheit: Alvorleg sjukdomsutbrot eller epidemi/pandemi

UiS reviderte krise- og beredskapsplanverket sitt i 2021 og planverket omfattar:

- Varslingsplan ved alvorlege uønskte hendingar
- Tiltakskort ved trussel eller informasjon om vondsinna handling
- Tiltakskort når det er losna skot
- Førebygging av sjølv-mord og alvorleg sjølvdestruktiv åtferd
- Beredskapsprinsipp og rolleavklaring
- Kommunikasjon
- Beredskapsdokumentasjon for før-krisefase, akutt krise-fase og etter-krisefase
- ROS-analyse

UiS gjennomførte kriseøving i juni 2021 der scenarioet var *Alvorleg samanbrot i digital infrastruktur*. Dei viktigaste læringspunktane frå øvinga er skildra under.

Viktigaste læringspunkt:

- a) Beredskapsstaben og medlemmane av operasjonell beredskapsleiing (OBL) må fokusere meir på moglege negative konsekvensar/potensialvurdering – meir

disiplinert gjennomføring av Fyrstemøtet, jf. proaktiv stabsleiing.

- b) Ved omfattande samanbrot i digital infrastruktur må stor usikkerheit handterast: det kan vare frå eit par timar til fleire månader.
- c) Utdanningsdirektøren ønskjer å følge opp øvinga ved å diskutere internt i utdanningsavdelinga kva beredskap dei har, og bør ha, ved samanbrot av digital infrastruktur som påverkar eksamensavvikling, undervisning o.l.
- d) UiS KunnskapsCIM kan nyttast til å sende SMS til alle tilsette som har lagt inn mobilnummeret sitt i SAP. Dette systemet bør testast.
- e) Det bør lagast rutinar for korleis ein får tilgang til nettsider utan ADFS (m.a. Drupal og CIM).
- f) Det må sikrast at det finst alternative påloggingsmetodar til system som kan nyttast til informasjon ut til studentar og tilsette, med tilhøyrande skildring av framgangsmåte.

HANDTERING AV COVID-19-PANDEMIEN

Evalueringprosessen og rapporten har teke utgangspunkt i Direktoratet for samfunnstryggleik og beredskap sin mal for evaluering av covid-19. Det har likevel vore naudsynt å tilpasse evalueringa til verksemda sin eigenart.

Evalueringa har basert seg på ei faseinndeling av pandemien, vurdert til:

- periode 1, nedstenging (mars–juni 2020)
- periode 2, delvis gjenopning (juni–november 2020)
- periode 3, ny nedstenging (desember–juli 2021)
- periode 4, gradvis gjenåpning (august–september 2021)
- periode 5, nye restriksjonar (desember 2021–)

Kvart ansvarsområde evalueringa har sett søkjelys på (HR og tilsette, utdanning og studentar, infrastruktur og arealforvaltning, kommunikasjon, organisasjon og beredskapsorganisering) har teke utgangspunkt i desse fasane ved utarbeiding av evalueringsrapporten. Der det har vore formålstenleg, har evalueringa også teke føre seg situasjonen i førkrisefasen, og handtering av nye restriksjonar frå desember 2021.

Evalueringa er gjennomført som eigenevaluering, og direktørane for dei respektive funksjonane har hatt ansvaret for å skildre situasjonsutviklinga og læringspunkt for eige ansvarsområde.

Dei viktigaste læringspunkta

Under er dei viktigaste læringspunkta, organiserte etter tema. Evalueringa har sett fokus på både negative og positive læringspunkt, som skal følgast opp i eigen oppfølgingsplan.

Beredskapsorganisering

Læringspunkt 1:

Ansvarsdelinga internt i beredskapsleiinga følgde linjeansvaret, dette var svært viktig for avgjerder og spesielt for gjennomføring.

Læringspunkt 2:

For å styrkje kapasiteten i beredskapsarbeidet under ei så langvarig krise var det heilt naudsynt å mobilisere fleire dedikerte ressursar.

Læringspunkt 3:

For å tilpasse tiltak til ulike behov i organisasjonen var det viktig å ha ei beredskapsleiing distribuert ute i organisasjonen.

Utdanning og eksamen

Læringspunkt 1:

UiS har eit regelverk som er på eit relativt overordna nivå. Det gjorde at vi hadde eit godt handlingsrom innan gjeldande regelverk, og det var avgjerande for effektiv og smidig handtering av dei ulike utfordringane som oppstod undervegs.

Læringspunkt 2:

Det blei både i periode 1 og 2 sendt ut ein eigen logg over studieadministrative avgjerder kvar måned for å dele viktige og prinsipielle vedtak med alle fakulteta. Informasjon var særskild viktig, og det var viktig raskt å få på plass tilpassingar og eit endra regelverk, for å legge til rette så godt som mogleg for at studieprogresjonen skulle oppretthaldast.

Læringspunkt 3:

Trass i informasjon til fakulteta kan det synast som om vi ikkje nådde godt nok ut til dei einskilde vitskaplege tilsette som måtte ta i bruk digitale verktøy i undervisninga. Vi hadde oppretta ei digital didaktisk tiltaksgruppe, og dei blei kontakta i stor grad, men likevel var det tilsette som sa at dei ikkje fekk nok hjelp.

Kommunikasjon

Læringspunkt 1:

Viktig å ha erfaring og trening i krisekommunikasjon for å kome raskt i gang.

Læringspunkt 2:

Viktig å vurdere potensialet i «krypende kriser» medan saka enno er lita.
Tiltak - forslag

Læringspunkt 3:

Dei fyrste dagane var svært travle, og vi blei hengande litt etter med loggføring av medieførespurnader og eigne kommunikasjonstiltak i CIM. Loggen er svært verdifull i ettertid, spesielt det som gjeld oversikt over eigne tiltak og informasjon vi har gått ut med. Viktig å vere påpasselig med dette medan det koker.

Læringspunkt 4:

I starten av ei krisehending må alle einingar (leiarar) få melding om å ikkje setje i gang eige kommunikasjonsarbeid, fråkopla kriseleing og kommunikasjonsstab. Dei fyrste korona-dagane sende IT- og HR-avdelinga ut viktig informasjon til alle tilsette (e-post og sms til alle studentar osv.) utan å ha involvert direktør for kommunikasjon og samfunnskontakt. Koordinering er avgjerande i slike situasjonar.

Læringspunkt 5:

Viktig å samhandle på tvers av organisasjonane (UiS, SiS og StOr).

HR og tilsetteforhold

Læringspunkt 1:

Viktig å ha tilstrekkelege ressursar til beredskapsarbeidet og ta med i vurderinga at beredskap trekkjer på ressursar i store delar av organisasjonen

Læringspunkt 2:

Det må takast ansvar i linja for ordningar som blir innførte.

Læringspunkt 3:

Sjølv om vi hadde ein pandemiplan, var vi ikkje førebudde på HR-relaterte forhold knytte til pandemien.

Infrastruktur, arealforvaltning og reinhold

Læringspunkt 1:

Det er viktig å avklare kven som er ansvarleg avdeling for innkjøp av smittevernutstyr og beredskapslager av dette (munnbind, desinfeksjonsmiddel, testar o.l.)

INKLUDERINGSDUGNADEN

UiS utarbeidde i 2021 ein handlingsplan for likestilling, inkludering og mangfald (2021–2024), med konkrete rekrutteringstiltak som skal bidra til å nå måla i Strategi 2030, og i inkluderingsdugnaden i staten. Hovudtiltaka i handlingsplanen er; etterspørje mangfalds- og likestillingskompetanse ved rekruttering til leiarstillingar, fortsetje praksisen med å omtale mangfald og inkludere-

ring særskild i utlysningstekstar, tydeleggjere retningslinjer og verdien av mangfald og inkludering overfor innstillande og tilsetjande myndigheit og at ordninga med likestillingsrepresentantar i tilsetjingsråd blir vidareført. I 2021 blei følgjande konkrete inkluderingstiltak gjennomførte:

- Kompetanseheving i mangfaldsrekruttering, inkludering og likestilling
- Legge til rette for auka mangfald og inkludering i rekrutteringsprosessen
- Samarbeidsmøte med NAV knytt til praksisplassar ved UiS

LIKESTILLING, MANGFALD, DISKRIMINERING OG TILGJENGELEGHEIT

Universitetet sitt arbeid med likestilling skal fremme likestilling blant tilsette og studentar og sikre at alle har like moglegheiter og rettar, uavhengig av kjønn, funksjonsevne, etnisitet, religion, legning eller politisk overtyding. Arbeidet med likestilling er forankra i universitetsleiinga og inngår som eit viktig ansvar for leiarar på alle nivå.

Ved nyrekruttering vurderer UiS om kvinner, eventuelt menn, skal oppmodast særskilt til å søkje den aktuelle stillinga, på bakgrunn av kjønnsamansetjing ved eininga eller for stillingsgruppa. På nettsidene oppmodar UiS folk om å søkje stilling, uavhengig av kjønn, funksjonsevne eller kulturell bakgrunn. Rekrutteringsystemet tek òg vare på søkjaren sine moglegheiter for å informere om etnisitet (i tillegg til hol i CV-en og nedsett funksjonsevne), slik at rettane deira blir sikra i rekrutteringsprosessen.

Kvart år blir kjønnsbalansen blant studentane i studieprogramma vurdert, medrekna behovet for kjønnskvotering.

Kvar haust får nye leiarar grunnleggande opplæring i sentrale arbeidsgjevarspørsmål. Tema som likestilling og mangfald inngår i denne opplæringa, der tema er korleis ein kan motverke og handtere diskriminering. Opplæringa har særleg fokus på mangfaldsgevinsten.

UiS er oppteke av å få til ei god utvikling av det psykososiale arbeidsmiljøet, blant anna gjennom å redusere mobbing og trakassering. Dette blir kartlagt anna kvart år i medarbeidarundersøkinga, som er ein viktig reiskap i arbeidet med å vidareutvikle arbeidsmiljøet.

Resultata for sjølvrapportert mobbing har gått jamt nedover frå 2009, og viser ein ytterlegare nedgang i 2021, til 5,1 prosent. Dette er ein god del lågare enn landsgjennomsnittet, uavhengig av kva nasjonale tal ein legg til grunn. Vi ligg også lågt samanlikna med snittet for UH-sektoren.

Opplevd seksuell trakassering var ned frå 3,8 prosent til 0,6 prosent.

På det nye spørsmålsbatteriet om observert diskriminering, svarte 6,5 prosent at dei har observert dette, der 3 prosent var relatert til kjønn, 2 prosent til etnisitet og 1 prosent til alder.

I desember 2021 blei det vedteke ein handlingsplan for likestilling, inkludering og mangfald. Formålet med planen var at alle som er fagleg kvalifiserte, skal ha lik tilgang til høgare utdanning og arbeid, uavhengig av etnisitet, språk, religiøsitet, livssyn, seksuell orientering, hudfarge, identitet, funksjonsnivå, kjønn og sosial og sosioøkonomisk bakgrunn.

UiS har lenge hatt system og rutinar for varsling og oppfølging av kritikkverdige forhold for både studentar og tilsette. Det blir likevel ikkje ført nokon sentral statistikk på rapporterte hendingar/avvik, mellom anna fordi det finst fleire varslingskanalar, mellom anna tenesteveg. Men i CIM, universitetet si systemløysing for risiko, sikkerheit og beredskap, blei det i 2021 registrert 95 avvik, der eitt dreidde seg om truslar og vald og eitt om mobbing/trakassering.

CAMPUSUTVIKLINGSPLANAR OG STØRRE BYGGEPROSJEKT

Ein overordna og langsiktig campusutviklingsplan for effektiv og god utvikling og bruk av bygg, eigedom og infrastruktur ved Universitetet i Stavanger blei ved-

teken hausten 2020. Planen inneheld tre hovudprioriteringar: (i) Opning av fyrsteetasjane i bygga langs UiS-aksen for studentar, tilsette og ålmenta (bygolvet), (ii) Nytt bygg for Det helsevitskaplege fakultet blir plassert i tett tilknytning til nye Stavanger universitetssjukehus og (iii) Studentsamskipnaden i Stavanger (SiS) får bygge eit nytt tenestebygg i tilknytning til SiS sportssenter.

Arbeidet med bygolvet var godt i gang ved utgangen av året og moglegheitsstudiet for bygolvet blei avslutta i 2021. Fyrste del av arbeidet bestod i å kartlegge behov og ønske frå noverande og framtidige brukarar. Ein langsiktig landskapsplan for campusaksen som er ein del av bygolvet, blei ferdig i 2021. Med ein landskapsplan er målet å oppnå eit sosial-økologisk system der naturlege kvalitetar og menneskelege aktivitetar skal balanserast for å vareta vårt og neste generasjon sitt universitet.

Status for nytt bygg for Det helsevitskaplege fakultet er; i 2019 blei konseptvalsnotat ferdig. I 2020 blei rom- og funksjons-programmet revidert. I 2021 blei eit anna alternativ for løysing belyst gjennom ei tilleggsutgreiing. Statsbygg og UiS har lagt fram sine anbefalingar for KD. I slutten av 2021 slutta KD seg til konklusjonane til Statsbygg og UiS og har gjeve Statsbygg i oppdrag å utarbeide ein Oppstart forprosjekt rapport (OFP). Stavanger universitetssjukehus (SUS) og UiS har inngått intensjonsavtale for tomt for nytt helsebygg.

Studentsamskipnaden i Stavanger (SiS) er i gang med bygging av studentbustader med 129 eittroms leilegheiter på BS5-arealet på campus, med forventa ferdigstilling til semesterstart i august 2022. Vidare er det blitt utarbeidd et skisseprosjekt for utviding av SiS sportssenter med nytt tenestebygg, Velferdsbygget. Reguleringsplanen for prosjektet blei i utvalet for by og samfunnsutvikling i møte 21. oktober einstemmig vedteke og sendt ut på høyring. Det er utarbeidd rom- og funksjonsprogram for prosjektet, og her samarbeider UiS og SiS tett for å optimalisere behovet og sambrukshøva. Studentorganisasjonen StOr er òg ein sentral aktør her. Det blir òg arbeidd med å sikre at SiS-

prosjekta blir kopla riktig på det nye bygolvet slik at ein oppnår eit levande og inkluderande bygolv langs heile campus-aksen. Prosessen med å finne lokalisering til ei tomt til nye studentbustader på campus er godt i gang.

Nytt formidlings – og magasinbygg ved Arkeologisk museum blei ikkje tildelt midlar over Statsbudsjettet for 2022. Behovet for nye areal er stort, og UiS arbeider vidare med andre planar for å auke arealkapasiteten til Arkeologisk museum.

UiS har utarbeidd ein moglegheitsstudie for et nytt grønt teknologibyg. Konkurransen for bygging av ny energisentral blei lyst ut i 4. kvartal 2021, og bygging vil etter planen starte opp hausten 2022. I Bjergsted har det vore dialog med Stavanger kommune om å starte opp ein moglegheitsstudie / eit forprosjekt for utvikling av den gamle kulturskolen.

Framtidig arealbehov på hovudcampus er forventa å bli dekt gjennom fortetting og ombygging/oppgradering av noverande areal. Det er sett i gang konkrete prosjekt som ledd i oppfølginga av planen, og vidare prioriteringar vil bli gjort med grunnlag i den institusjonelle investeringsplanen for bygg og infrastruktur.

Vedteken campusplan

<https://www.uis.no/nb/om-uis/strategi-og-styringsdokument>

Film om UiS-aksen/landskapsplanen:

<https://www.youtube.com/watch?v=xaV-0BlXabw>

V. Vurdering av framtid- utsikter




Foto: Leiv Gunnar Lie

I 2021 starta Universitetet i Stavanger arbeidet med å operasjonalisere ny langsiktig strategi. Fram mot 2030 skal organisasjonen si felles retning vere prega av ansvaret for grøn omstilling. UiS skal vere eit ope og innovativt universitet med høg kvalitet i utdanning, forskning og kunstnarisk utviklingsarbeid. Samstundes skal universitetet vere kjent for høg trivsel blant studentar og tilsette. Universitetet sin institusjonelle handlingsplan blei vedteken av universitetsstyret i juni 2021 og er godt forankra i organisasjonen både på institusjonsnivå og i fakulteta. Arbeidet med tiltak for å nå måla for verksemda er godt i gang, og vil ha høg prioritet i åra som kjem.

Universitetsstyret vedtok i februar 2022 at UiS skal halde fram med det forplikande samarbeidet med nettverket European Consortium of Innovative Universities. UiS ser på ECIU University som eit verkemiddel for å vere i utdanningsfronten, samstundes som engasjementet i alliansen sikrar påkopling på den europeiske utviklinga innan utdanning. Gjennom eit europeisk universitet testar UiS ut moglegheitene innanfor og utanfor dagens regelverk i Europa og Noreg. I utdanningsfronten vil ein òg vurdere høvet til å inkludere innovasjon, entreprenørskap, grøn omstilling og korleis universitetet skal bidra til FNs berekraftsmål i studieprogramma våre. Dette er vesentlege aspekt i UiS sin Strategi 2030, som inneber at UiS skal vere banebrytande på utdanningsfeltet gjennom å utforske og etablere nye måtar å samhandle på, nasjonalt og internasjonalt.

Universitetet i Stavanger har ambisiøse mål for utvikling av verksemda og for si eiga rolle i kunnskapssystemet. Med utgangspunkt i dei seks satsingsområda til strategien, er det definert 19 mål for verksemda for perioden fram mot 2030. I tillegg kjem seks mål i gjeldande utviklingsavtale. Desse måla ligg til grunn for ein fire-årig institusjonell handlingsplan. Måla støttar opp om alle sektormål, og aller mest at utdanning og forskning skal føre til velferd, verdiskaping og omstilling. Dette er eit uttrykk for profilen til universitetet. Oversikt over koplingar mellom sektormåla og dei ulike verksemdmål ligg som vedlegg til årsrapporten.

For satsinga grøn omstilling prioriterer universitetet vidareutvikling av studieporteføljen i tråd med strategi 2030. Forsyninga av tenester skal pregast av tverrfakultært samarbeid for både forskning og utdanning. Synleggjering og oppfølging av UiS sine bidrag til berekraftsmåla skal styrkjast gjennom bruk av både eit nytt strategisk parametersett og nye nøkkeltal for innovasjon.

For dei faglege satsingane til universitetet - energi, helse og velferd, og læring for livet - skal det utviklast studietilbod på alle nivå som styrkjer desse strategisk viktige fagfelte. Også her vektlegg handlingsplanen samarbeid på tvers av fakultet og fagområde. Andre prioriterte tiltak adresserer samarbeid med arbeidslivet og ulike partnerar, bl.a. NORCE.

Innan satsingsområdet eit ope universitet skal ein prioritere tiltak knytte til vidareutvikling av utfordringsbaserte og fleksible utdanningar og open forskning. Arbeid med implementering av Kunnskapsdepartementets strategi for digital omstilling av sektoren, vil prege alle delar av verksemda. I 2022 skal det gjennomførast ei intern utgreiing av konsekvensar og nye tiltak for digital omstilling ved UIS.

For satsinga eit godt lærings- og arbeidsmiljø, som dannar viktig grunnlag for dei faglege satsingane mv., inneber handlingsplanen ei klar styrking av arbeidet med strategisk planlegging av kompetanse og bemaning. Dette arbeidet vil sjåast i samheng med digital omstilling i heile verksemda. I tillegg prioriterer ein tiltak for varierte læringsformer og læringsstøttande kurs for studentane.

Den institusjonelle, overordna handlingsplanen er ein plan for å sikre gjennomføring av strategien og utvikling på satsingsområda, ikkje ein plan for absolutt alle delar av verksemda. Einingane ved UIS, fakultet og museum, og fellestenesteavdelingar, operasjonaliserer og supplerer den overordna planen. Arbeidet med å vidareutvikle plan- og verksemdoppfølginga ved UIS vil vare utover i planperioden.

I samband med planarbeidet har UIS etablert eit nytt parametersett for resultatmåling på dei strategiske satsingsområda. Parametersettet består av 32 kvantitative måleparametrar, tre til ni per strategisk satsing, og 14 andre, sentrale parametrar for måling av produktivitet og resultatutvikling. Sjå vedlegget vedtekne måleparametrar for ei oversikt over alle parametrar med måltal for 2024. Analysar og vurderingar med utgangspunkt i det nye parametersettet vil stå sentralt i verksemdoppfølginga i planperioden.

BUDSJETT 2022

Universitetsstyret gjorde 2. desember 2021 vedtak om endeleg årsbudsjett og interne budsjett-rammer for 2022. Etter mottak av tildelingsbrevet frå Kunnskapsdepartementet er det gjort enkelte mindre justeringar knytt til auka rammekutt og særskild tildeling til grøn forskning. Årsbudsjettet for UiS har ei samla ramme på 1 916,6 millionar kroner, der finansiering frå institusjonelle kapitalreservar og sentrale overheadmidlar utgjer 56 millionar kroner.

Hovudfordeling 2022 UiS, statleg finansiering

(Tal i heile 1000)

Fakultet/Divisjon	2021	2022	Endring
Fakultet for utdanningsvitenskap og humaniora	301 165	311 820	3,5%
Fakultet for utøvande kunstfag	48 562	54 226	11,7%
Det samfunnsvitenskaplege fakultet	157 128	172 714	9,9%
Handelshøgskolen ved UiS	81 492	90 283	10,8%
Det helsevitenskaplege fakultet	139 946	147 889	5,7%
Det teknisk-naturvitenskaplege fakultet	350 523	362 262	3,3%
Arkeologisk museum	45 523	47 443	4,2%
Sum fageiningane	1 124 339	1 186 636	5,5%
Rektorat og rektor sin stab	12 682	12 953	2,1%
Divisjon for utdanning	58 640	62 890	7,2%
Divisjon for forskning	64 354	67 621	5,1%
Divisjon for innovasjon og samfunnskontakt	32 342	33 744	4,3%
Divisjon for organisasjon og infrastruktur	207 435	211 461	1,9%
Divisjon for organisasjon og infrastruktur, husleige og energi	244 951	251 319	2,6%
Student og samskipnad	8924	9 306	4,3%
Institusjonell strategisk ramme	133 058	80 709	-39,3%
Sum felleseiningar, strategi og infrastruktur	762 385	730 003	-4,3%
Sum fordeling UiS	1 886 725	1 916 639	1,6%

Statsbudsjettet gav betydelege og uventa kutt i den statlege løyvinga. Dette får konsekvensar for gjennomføringa av 2022-budsjettet på institusjonsnivå, særleg innanfor strategiske satsingar.

Uvisse rundt dei statlege løyvingane og politiske pålegg utanom budsjettprosessen gjer det krevjande å planlegge langsiktig. Det er òg knytt uvisse til komande endringar i det statlege finansieringssystemet. Førsei-lege rammevilkår og høve til å planlegge med langsiktig horisont er avgjerande for å lukkast med dei ambisiøse måla UiS har sett seg fram mot 2030. Naudsynte investeringar i bygg, infrastruktur og arbeidet med digital omstilling er òg avhengig av at tilstrekkelege økonomiske ressursar kan setjast bak planane. Covid-19 situasjonen har gjeve UiS eit mellombels økonomisk handlingsrom til å nytte kapitalreservar i budsjettfordelinga dei to siste åra. Dette høvet er forbigåande, og ein forventar at det blir meir krevjande å handtere

budsjettutviklinga i den komande planperioden. Budsjettføresetnadene understrekar behovet for framleis omstilling, effektivisering av organisasjon og drift, god budsjett disiplin og strengare prioritering framover. Dette vil gjelde både i kjerneverksemda og administrative støttefunksjonar.

Ei overordna prioritering i årsbudsjetta for 2021 og 2022 er den budsjettmessige underbygginga av overordna campusutviklingsplan og langsiktig investeringsplan for bygg og infrastruktur. Fyrste fase av den institusjonelle investeringsplanen (2021–2025) syner eit samla finansieringsbehov på 126,4 millionar kroner. Universitetsstyret har vedteke ei avsetning på 78 millionar kroner i 2021-budsjettet og 48 millionar kroner i 2022-budsjettet til gjennomføring av prioriterte prosjekt i investeringsplanen i samsvar med oppsettet nedanfor:

Prioriterte prosjekt 2021-2025

Tal i 1000 kr

Prioriterte prosjekt 2021-2025 tal i 1000 kroner						
Kategori	2021	2022	2023	2024	2025	Totalsum
Arbeidsplassar/kontor	18 750	4 800				23 550
Bygolv		30 900	5 800	10 000		46 700
Miljøtiltak	4 200	1 500	1 500	1 500		8 700
Oppgradering/ending		8 500	2 500	2 000	2 000	15 000
Undervisning/forskning	5 200	21 250	6 000			32 450
Totalsum	28 150	66 950	15 800	13 500	2 000	126 400

UiS vil i løpet av 2022 utarbeide eit anslag over samla finansieringsbehov for å gjennomføre campusutviklingsplanen i sin heilskap. Eit viktig element i det vidare arbeidet med å utvikle campus vil vere å styrkje samarbeidet og samhandlinga med Statsbygg (byggeigar) vidare for å sikre synergjar og effektiv ressursbruk i prosjekta.

Ein viser elles til avsnitt om langtidsbudsjett som syner forventa husleigeelement knytt til framtidige byggeprosjekt.

LANGTIDSBUDSJETT 2022-2031

UiS har store ambisjonar om omstilling og fagleg styrking den komande tiårsperioden. Realisering av desse ambisjonane føreset større investeringar, blant anna i bygg, infrastruktur og organisatorisk stønad. Desse satsingane skal gjennomførast samstundes som det blir forventa ein lågare vekst i dei statlege løyvingane i åra som kjem.

Langtidsbudsjett 2022-2031, i 2020-kroner

Tabell 1: Forventa utvikling i kostnader og inntekter 2022–2031 (tal i heile 1000)

Del A: Forventa utvikling - før tiltak	2021	2022	2024	2026	2028-2031
Inntekt KD (statsbudsjettet)	1 747	1 755	1 785	1 785	1 785
ABE-kutt	0	0	0	-17	-34
KORONA-konsekvens (kort sikt)	-6	-6	0	0	0
Andre statlege inntekter	12	12	13	13	13
Andre inntekter	20	20	21	20	20
Inntekter BOA	357	368	377	436	436
Totale inntekter	2129	2150	2196	2237	2219
Endring i % (realvekst)	3,6 %	0,9 %	0,8 %	0,0 %	-0,8 %
Faste lønnskostnader	1401	1422	1453	1480	1468
Variable lønnskostnader	96	97	99	101	101
Huskostnader	283	287	301	301	301
Driftskostnader	210	242	247	252	250
Investeringar	78	78	80	82	81
Prognose kostnader (før tiltak)	2 076	2 127	2 181	2 216	2 201
Budsjettbalanse før strategiske tiltak	54	22	15	21	18

Som det går fram av tabellen, er det venta ein reell auke i KD-løyvingane fram mot 2024. Deretter er statsløyvinga venta å ligge på same nivå ut perioden for langtidsbudsjettet, men vil reelt bli avkorta med om lag 0,5 % årleg dersom ABE-kutta blir vidareførte også etter 2023. UiS har ei god utvikling innanfor ekstern finansiert verksemd, og dette er ei utvikling ein legg stor vekt på å halde ved lag gjennom dei komande åra. Langtidsbudsjettet føreset difor at BOA-inntektene har realauke i heile den komande tiårsperioden.

For å gje ei oversikt over forventa økonomisk ramme i eit fleirårig perspektiv, blir det utarbeidd langtidsbudsjett som universitetsstyret får til orientering årleg i samband med budsjetthandsaminga for komande år. I tabellen under syner UiS dei forventa samla inntektene og kostnadene for UiS fram mot 2031:

På kostnadssida føreset ein at samhøvet mellom inntekter og høvesvis lønnskostnader, driftskostnader og investeringar blir ført vidare på same nivå som i 2020. Husleige og andre huskostnader følger her av allereie kjende byggeplanar og endringar i langsiktige leigekontraktar.

I løpet av 2021 har UiS arbeidd med å konkretisere strategien i fireårige handlingsplanar. Dette vil, saman med mellom anna institusjonell investeringsplan for bygg og infrastruktur og digitaliseringsplan gje innhald til del 2 av langtidsbudsjettet slik det går fram av tabell 2 under.

Tabell 2: Strategiske planar og satsingar 2022–2031 (tal i heile 1000)

Del B: Strategiske planar og satsingar	2021	2022	024	2026	2028-2031
Bygg - helsefag 2025	0	0	0	50	50
Arkeologisk museum - bygg	0	0	0	10	10
Arkeologisk museum auka publikums-tilbod	0	0	0	12	12
Nytt SIS-bygg	0	0	10	10	10
Etterbruk Kjell Aarholms hus	0	0	0	6	6
Byggolv	0	0	5	5	5
Grønt teknologibyg	0	0	8	8	8
Campusplan - Investeringsplan UiS	83	48	8	8	8
Strategiske forskingssatsingar	5	5	5	5	5
Strategiske utdanningsatsingar	5	5	5	5	5
Strategiske innovasjon- og samf. satsingar	4	6	5	5	5
Strategiske satsingar org. infrastruktur	12	3	5	5	5
Handlingsplan for digitalisering	14	16	15	15	15
Andre tiltak	20	9	4	4	4
Sum strategisk handlingsrom	141	92	70	148	148
Sum kostnader	2 217	2 219	2 251	2 364	2 349
Årsresultat/budsjettbalanse før tiltak	- 87	- 69	- 55	- 127	- 130

Det følger av dette at om UiS skal vere i stand til å gjennomføre dei investeringane som trengst for å realisere dei langsiktige måla i Strategi 2030 og i campusutviklingsplanen, så vil dette krevje betydelege midlar. Eit udekt finansieringsbehov på om lag 130 millionar kroner i 2030 føreset framhald i arbeidet med å effektivisere drifta (blant anna gjennom digitalisering), styrkje økonomien i studieporteføljen og styrkje innsatsen for auka ekstern finansiering. UiS har difor utarbeidd tiltaksplanar på alle desse områda som del av langtidsbudsjettet 2022–2031.

VI. Årsrekneskáp



Foto: Siri J. Pedersen

Ledelseskomentarer Årsoppgjør 2021

Universitetet i Stavanger

Det bekreftes med dette at regnskapet pr. 31.12.2021 er avlagt i samsvar med det statlige økonomireglementet, rundskriv fra Finansdepartementet og prinsipper i de statlige regnskapsstandardene (SRS).

Avvik mellom periodisert resultatbudsjett og resultatregnskap er kommentert under etterfølgende punkter. Det er ikke utarbeidet balansebudsjett.

Strategi 2030 ble ferdigstilt i 2020 og vedtatt av styret 22. oktober 2020. UiS skal bidra til en bærekraftig omstilling av samfunnet gjennom forskning, kunstnerisk utviklingsarbeid, utdanning og innovasjon. Energi, helse og velferd samt læring for livet er UiS sine faglige satsingsområder. En handlingsplan med utgangspunkt i de strategiske satsingsområdene ble styrebehandlet i mars 2021.

UiS sin nye planstruktur består av institusjonell 4-årig handlingsplan og årsplan, samt 4-årige handlingsplaner og årsplaner for fakultetene og museet. Planene skal operasjonalisere strategiske ambisjoner og sikre at strategien blir realisert.

En viktig oppgave i økonomistyringen er å forvalte og utnytte det økonomiske handlingsrommet som har oppstått i forhold til siste års vekst i tillegg til effekten av covid 19 pandemien.

Handlingsrommet må styres for å sikre tilstrekkelig kapasitet og gjennomføring av strategiske satsninger.

Det ble i 2020 satt i gang 3 institusjonelle prosjekter som har som formål å bidra til økt handlingsrom:

1) gjennomgå og tilpasse studieporteføljen, 2) øke den eksternfinansierte virksomheten og 3) sikre kostnadseffektiv drift. Prosjektene sluttrapporter ble behandlet av styret i desember 2020. Det er lagt vekt på å operasjonalisere de 3 prosjektenes sluttrapporter som del av den vedtatte institusjonelle handlingsplanen.

Universitetet opplever et stort trykk på bygg og infrastruktur etter flere år med høy aktivitetsvekst.

Det er gjennomført et campusutviklingsprosjekt i regi av Statsbygg for å vurdere utnyttelsen av eksisterende bygg, samtidig som det utredes og planlegges nye bygg i tilknytning til aktivitet på museet, teknologi og innovasjon og helse. Utarbeidet campusutviklingsplan ble styrebehandlet i september 2020 og styret ga sin tilslutning til planen. Deretter ble det etablert en langsiktig, institusjonell investeringsplan for bygg og infrastruktur med et overordnet tiårs-perspektiv, med inndeling i faser med tre-fireårs horisont fram mot 2030. Prioriterte tiltak i fase 1 av planen (2021-2024) ble vedtatt av styret 11. mars 2021 innenfor en samlet kostnadsramme på anslagsvis 78 mill. Denne planen ble oppjustert av styret 02. desember 2021 med en vedtatt samlet kostnadsramme på 126 mill. for å understøtte gjennomføringen av fase 1 (2021-2025).

Prioriteringer i tråd med campusutviklingsplanen vil inngå i langtidsbudsjettet for UiS framover.

Universitetet i Stavanger blir revidert av Riksrevisjonen jf. Lov om riksrevisjonen § 9. Universitetet har etablert internkontrollsystem med tilhørende risikovurderinger.

Gjennomføring av budsjettet

Universitetet i Stavanger arbeider målrettet med de prioriterte oppgavene som fremkommer i tildelingsbrevet for 2021. Styret er tilfreds med at virksomheten over de senere årene har opparbeidet seg et nødvendig økonomisk handlingsrom innenfor faglig virksomhet som gir mulighet for strategiske satsinger, men konstaterer at på områder, som drift og infrastruktur og enkelte faglige områder, gir de årlige effektiviseringskuttene etter hvert store utfordringer knyttet til gjennomføring av aktivitet.

Covid 19 pandemien har gitt universitetet ytterligere utfordringer mht. gjennomføring av årets planlagte aktivitet. Forskjøvet aktivitet gjøres gjeldende i form av reduserte lønnskostnader og driftskostnader.

Kommentarer til regnskapet

Aktiviteten ved universitetet fortsetter å øke og fra 2020 til 2021 var den nominelle veksten i den statlige grunnbevilgningen 6,1%. Realveksten (utover pris- og lønnsvekst) er på 2,9 %, hovedsakelig knyttet til økt studieplassfinansiering og finansiering av rekrutteringsstillinger.

Driftsresultatet pr. 31.12.2021 viser et mindreforbruk på 87.1 mill. for virksomheten som helhet, noe som utgjør -3,9 % av totale driftsinntekter. Tilsvarende viste regnskapet for samme periode i 2020 et samlet mindreforbruk på 48.6 mill. Regnskapsmessig resultat fordeler seg med mindreforbruk knyttet til bevilgningsfinansiert virksomhet (BFV) på 65.0 mill. og mindreforbruk knyttet til bidrags- og oppdragsfinansiert aktivitet (BOA) på 22.1 mill.

Resultatet fra oppdragsvirksomheten som kan tilføres virksomhetskapskapital er på 1.2 mill. pr. 31.12.21.

Det totale kostnadsnivået inkludert avskrivninger for 2021 er 161.3 mill. eller 8,2 % høyere enn på samme tidspunkt i 2020.

Driftsinntekter

Resultatregnskapet pr. 31.12.2021 viser samlede driftsinntekter på 2213.3 mill. Dette er en økning på 199.8 mill. eller 9,9 % i forhold til samme periode i fjor.

Bevilgningsfinansiert virksomhet representerer 1688.7 mill., noe som er 81.2 mill. (5,1 %) høyere enn for samme periode i 2020. Inntektsøkningen i bevilgningsfinansiert virksomhet for 2021 relaterer seg i hovedsak til økt studieplassfinansiering og finansiering av nye rekrutteringsstillinger. UiS har i tillegg hatt god, men avtakende resultatutvikling som gjør seg utslag i økte inntekter fra 2020 til 2021.

Utover rammebevilgningen, har UiS i 2021 også mottatt supplerende tildelingsbrev på 30.9 mill. i tilknytning til Kunnskapsenteret (12.4), utvikling og drift av partnerskap i grunnskolelærerutdanning (4.3), midler til oppgradering og tilpasning av forsknings- og læringsarealer (8.0) og lønn til studenter for å sikre godt læringsutbytte, læringsmiljø og studieprogresjon (6.2).

1.8 mill. av supplerende tildeling på 6.2 mill. ble tilbakebetalt i 2022 grunnet ubrukte midler til pandemi tiltak for studenter.

Eksterne inntekter (ABFV, NFR, EU og EFV) fratrukket egenfinansiering utgjør 400.8 mill., noe som er en økning på 99,0 mill. (32,8 %) sammenlignet med 2020.

IOR-senterets prosjekter utgjør 26.8 mill. av de eksterne inntektene.

Universitetet har økt administrativ støtte for tilrettelegging og støtte i forbindelse med søknader til NFR og EU, noe som er et viktig bidrag for å kunne øke den eksterntfinansierte virksomheten framover.

Økonomisk utvikling 2019-2021

År	31.12.2019	31.12.2020	31.12.2021	Budsjett 2021	Avvik R vs B	Avvik i %
Totale driftsinntekter	1 970 560	2 013 548	2 213 310	2 141 406	71 904	3,2 %
BOA (ekst inntekter eksl. egenfinansiering)	310 161	301 792	400 806	370 810	29 996	7,5 %
Totale driftskostnader	1 953 104	1 964 935	2 126 235	2 141 839	-15 604	-0,7 %
Totale lønnskostnader	1 297 663	1 359 546	1 479 914	1 519 848	-39 934	-2,7 %
Totale andre driftskostnader inkl avskrivninger	655 441	605 389	646 321	621 991	24 330	3,8 %
Totale investeringer	92 215	106 835	99 719	107 072	-7 353	-7,4 %
Andel driftskostnad av totale driftsinntekter	99,1 %	97,6 %	96,1 %	100,0 %		
Andel BOA (ekst inntekter eksl. egenfinansiering) i % av statsfinansieringen	18,8 %	17,4 %	22,0 %	20,3 %		
Andel lønnskostnad av totale driftsinntekter	65,9 %	67,5 %	66,9 %	71,0 %		
Andel andre driftskostnader av totale driftsinntekter	33,3 %	30,1 %	29,2 %	29,0 %		
Andel investering av totale driftsinntekter	4,7 %	5,3 %	4,5 %	5,0 %		
Resultat	-17 456	-48 613	-87 075	433		

merforbruk(+)/mindreforbruk(-)

Lønn og sosiale kostnader

Regnskapet pr. 31.12.2021 viser lønnskostnader på totalt 1479.9 mill. I regnskapet pr. 31.12.2020 utgjorde lønnskostnader 1359.5 mill. Lønnskostnader har økt med 120.4 mill. (8,9%) og skyldes en årsverks økning på 142,2 årsverk i forhold til samme periode i fjor i tillegg til individuelle lønnsjusteringer. Årsverks økning er knyttet til både økning i administrative stillinger grunnet økt faglig aktivitet og økning innenfor undervisning og forskningsstillinger grunnet nye studieplasser og rekrutteringsstillinger samt betydelig vekst i BOA. Rekrutteringsstillinger utgjør rundt 50% av årsverks økningen i perioden.

Pr. 31.12.21 er det en reduksjon i avsetning for overtid og fleksitid samlet sett, men en økning knyttet til ikke avvirket eller registrert ferie. Dette kan tilskrives situasjonen med pandemi samt manglende registrering av ferie for de vitenskapelige ansatte og følges tett opp mot enhetene. Resultateffekten for 2021 er 5.9 mill. Som det fremgår av tabellen ovenfor utgjør nå lønnskostnaden (66,9 %) av totale driftsinntekter. Lønnskostnadene er lavere enn budsjettet for perioden og skyldes den pågående covid 19 pandemien som har medført forskjøvet rekruttering, hovedsakelig rekrutteringsstillinger.

Andre driftskostnader

Andre driftskostnader (inkl. avskrivninger og finanskostnader) beløper seg til 646.3 mill., og viser dermed en økning på 40.9 mill. (6,8 %) sett mot samme periode i 2020, hvorav 6.3 mill. gjelder økte avskrivningskostnader.

Til tross for at rammen for reisevirksomhet er redusert med 25% for 2021 som følge av vedtatt reisepolitikk, er kurs- og reiseaktivitet lavere enn budsjettet grunnet den pågående pandemien.

Men covid 19 situasjonen har samtidig medført økte IKT kostnader til anskaffelser og lisenser knyttet til økt behov for digital undervisning og digital samhandling. Kostnader til renhold har også økt. I tillegg har det påløpt kostnader til karantene hotell for studenter og nytilsatte. Dette har medført at kostnadsnivået er høyere enn budsjettet for perioden.

Investeringer

Det har over de senere årene vært et høyt fokus på behovet for å øke investeringsnivået. Dette har også bli fulgt opp i 2021. Totale investeringer utgjør 99.7 mill. pr. 31.12.2021 som er lavere (-7.1 mill.) enn sammenlignet med 2020. Investeringsnivået er også noe lavere enn budsjettet for perioden. Investeringer er i hovedsak relatert til ombygging og inventar på fakultetene, vitenskapelig utstyr samt IKT- og AV-utstyr, hovedsakelig ved IT-avdelingen, som følge av omlegging til mer digital aktivitet. Det ble også foretatt en engangsinvestering i en rundkjøring i 2020 (rekkefølge krav) med en restfakturerings på 7,9 mill. i perioden med bakgrunn i reduserte husleieforpliktelser framover.

UiS vurderer at det fortsatt er store investeringsbehov i de kommende årene, spesielt gjelder dette innenfor infrastruktur som tilpasning av bygg og mulige arealutvidelser samt IKT. Prioriterte tiltak i fase 1 av institusjonell investeringsplan (2021-2024) ble vedtatt innenfor en samlet kostnadsramme på anslagsvis 78 mill. Investeringsplanen ble revidert i løpet av høsten med bakgrunn i bl.a. økte materialpriser og ble oppjustert av styret 2. desember 2021 til 126 mill. Samtidig opplever UiS kapasitetsutfordringer både internt og hos Statsbygg og med det forsinkelser i gjennomføringen av planlagte tiltak.

Ut over den vedtatte investeringsplanen vil UiS prioritere videre utredning av nytt helsefakultetsbygg og nytt formidlings- og magasinbygg for Arkeologisk museum. Dette fremgår og som innspill til budsjettforslag utenfor bevilgningsrammen for 2023 som prioriterte satsningsområder.

Bidrags- og oppdragsfinansiert aktivitet

Resultatet pr. 31.12.21 viser et mindreforbruk på 22.1 mill. og gjelder hovedsakelig ABFV, annen bidragsfinansiert virksomhet, herunder finansiering til flere kompetanseutviklingsprosjekter som er blitt innbetalt på forskudd og skal brukes i løpet av prosjektperioden.

Ved museet er E39 prosjekter etterskuddsfakturert og siden disse prosjektene er underlagt et nytt regulativ hos Riksantikvaren har dette medført både uforutsett omfang og relaterte kostnader.

